vært mellom kontrollutvalgene og Kommunerevisjonsdistrikt 2. Sentralt i avtalene blir kommunikasjon mellom kontrollutvalg og revisor. Kontrollutvalgene skal få et utkast til diskusjon i først kontrollutvalgsmøte i høst. En tar sikte på å kunne godkjenne avtalene i kontrollutvalgsmøter i oktober/november.

- **Erfaringsutveksling**
  Styremedlemmene utvekslet erfaring omkring problemstillinger og saker som er aktuelle i kontrollutvalgene.

Lars Ramstad nestleder	Stig Holmstrøm leder	Kåre Vevang styremedlem
Øyvind Gjøen styremedlem	Trygve Grydeland styremedlem	Oddvar Hoksnes styremedlem
Trond M. H. Riise styremedlem	Lisbeth Valle varamedlem	Ivar Trælvik styremedlem
Jane Anita Aspen sekretær		

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagkoordinator Janne Helen Bjørsnøs, 71258536

Vår dato
05.07.2017

Vår ref.
2011/6265/JABJ/721.0

Dykkar dato

Dykkar ref.

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr: 1535	
Dato: 11 JUL 2017	
Saks og Arkivnr: 1535	Løpenr: 224/17
Arkivkode: 033	Gradering:

Vestnes kommune

6390 VESTNES

Avslutning av tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming i Vestnes kommune.

Fylkesmannen gjennomførte i 2011 tilsyn i Vestnes kommune som omhandla rettstryggleiken ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming. I tilsynet blei det avdekt følgjande tre avvik:

Avvik 1: Vestnes kommune sikrar ikkje at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med sosialtenestelova § 4-3, jf. § 4-2 a-d

Avvik 2: Vestnes kommune har sett i verk tiltak som inneheld bruk av ulovleg tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming

Avvik 3: Vestnes kommune sikrar ikkje at alle tenesteytarane får tilstrekkeleg opplæring i sosialtenestelova kapittel 4A

Sosialtenestelova er opphøyrt, kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester er regulert i Lov om helse- og omsorgstenester av 24. juni 2011 nr. 30 i kapittel 3 og bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming er regulert i kapittel 9. Endringane blei satt i verk frå 01.01.2012.

Tilsynet er blitt følgt opp gjennom brev, møter, rettleiing og opplæringstiltak, samt handsaming av enkeltsaker og gjennomføring av stadlege tilsyn.

Den 06.06.2017 blei det gjennomført eit møte mellom Fylkesmannen og Vestnes kommune. Fylkesmannen ønskja i møtet saman med kommunen si leiing å klargjere kva som står igjen å rette før tilsynet kan avsluttast. Referat frå møtet ligg ved dette brevet.

I møtet blei vi samd om at Fylkesmannen, på bakgrunn av kommunen sitt brev av 28.10.2016, og dei opplysningane som var kome fram i møtet, skulle gjere ei ny vurdering avom tilsynet frå 2011 no kan avsluttast.

Kommunen sitt brev av 28.10.2016 er tilbakemelding på Fylkesmannen sitt brev av 03.10.2016. Der gjorde Fylkesmannen ei vurdering av Vestnes kommune sitt arbeid i etterkant av tilsynet. Fylkesmannen skreiv at Vestnes kommune har gjort eit omfattande arbeid for å rette svikten som blei avdekt i tilsynet, men det var likevel naudsynt å be om fleire opplysningar og vurderingar frå kommunen. I det påfølgjande vil Fylkesmannen, med utgangspunkt i kommunen sitt brev av 28.10.2016, gjere ei ny vurdering av kommunen sitt arbeid med å rette avvika.

Kommunen blei bedt om å gå igjennom sine vedtak for helse- og omsorgstenester og sjå desse opp mot rutinane kommunen har for sakshandsaming. Det blei også vist til Helsedirektoratet sin rettleiar som hjelp i arbeidet. I kommunen si tilbakemelding går det fram at ein er usikker på kva for detaljeringsgrad som skal gå fram av brukarane sine tenestevedtak Det blir arbeidd med å utarbeide ei interne prosedyre for sakshandsaming og to tilsette frå leiinga i Bu- og habiliteringstenestene har starta på utdanning for å skaffe seg meir kompetanse. Det er ikkje opplyst når kommunen har planlagt at prosedyren skal vere ferdig og når det er forventa at den skal være implementert.

Vidare opplyser kommunen at den er lei for at vedtak om bruk av tvang og makt som skal overprøvast av Fylkesmannen blir sendt for seint frå kommunen. Det blir opplyst at det er arbeidd intens for å få på plass rutinar og prosedyrar. Kommunen opplyser at ein arbeider med å kvalitetssikre dette slik at det forbetrar seg i framtida. Kommunen har ikkje opplyst kva dette kvalitetsforbetringsarbeidet består i.

Kommunen er altså i gang med systemarbeid kring sakshandsaming og kvalitetssikring. Fylkesmannen legg til grunn at dette arbeidet vert prioritert og arbeidd vidare med snarast. Vidare blir det lagt til grunn at prosedyrane vert implementert og kvalitetssikra ved systematisk oppfølging og evaluering.

Fylkesmannen bad vidare om ei utgreiing om kva system leiinga har for å sikre at det ikkje blir gjennomført skadeavverjande tiltak i naudsituajonar som ikkje blir rapportert.

Vestnes kommune opplyser at det er sett i verk opplæringstiltak for at dei tilsette skal kunne identifisere og melde frå om bruk av tvang og makt som skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar. Kommunen opplyser at det fortsatt er eit arbeid med å implementere rutinar som sikrar at tenesteytarane identifiserer og melder frå om slik tvangsbruk. I møtet den 06.06.2017 orienterte kommunen om at det no er kome eit stykke vidare med dette arbeidet. Fylkesmannen har ikkje motteke melding om bruk av skadeavverjande tiltak i naudsituasjon frå Vestnes kommune i 2017. Dersom det er tilfelle at slike tiltak ikkje er blitt nytta er det positivt. Fylkesmannen har dessverre ikkje tilstrekkeleg med opplysningar om utført tenesteyting til å kunne hjelpe kommunen med å gjere ei nærmare vurdering av dette no. **Fylkesmannen legg til grunn at kommunen forsett å sjølv følgjer opp dette.**

På spørsmål om kva kommunen gjer for å sikre at alle tilsette får tilstrekkeleg opplæring om bruk av tvang og makt og korleis kompetanse blir halde ved like, har kommunen svara at den har funne det formålstenleg å etablere ulike forum ut i frå behov og kompetansebakgrunn hos tenesteytarane. Kommunen gir døme på kva som er etablert for miljøterapeutane, men har ikkje gjort greie for kva som finst for dei øvrige tilsette, til dømes helsefagarbeidarar og ufaglærte. **Fylkesmannen legg til grunn at planlagte opplæringstiltak blir gjennomført og etablerte forum blir haldt ved like.**

Kommunen blei også bedt om ei tilbakemelding om korleis den vurderer personalsituasjonen med tanke på rekruttering og å halde på fagutdanna personell innan tenesteområdet. Vestnes kommune opplyser at det framleis er utfordringar med å rekruttere tilsette med 3-årig høgskuleutdanning. Kommunen opplyser at det no mellom

anna er 5 tilsette frå Bu- og habilitering som har starta opp med deltidsutdanning i vernepleie og det blir arbeid opp mot høgskulane for å rekruttere blant studentane der. Fylkesmannen ser at kommunen søkjer om svært mange dispensasjonar frå kravet om utdanning i samband med gjennomføring av tvangstiltak heimla i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Fylkesmannen er kjent med at rekruttering av fagutdanna personell er krevjande. **Det er på bakgrunn av dette å forvente at kommunen har ei oversikt som viser behovet for personell med ulik utdanning i tenesta og ei konkret plan for korleis kommunen skal få dekt behovet.**

Kommunen har i brevet gjort greie for at den skal nytte det elektroniske kvalitetssystemet RiskManager som hjelpemiddel i si styring av tenesta. Kommunen er godt i gang med å implementere systemet, men erkjenner sjølv av det er behov for meir tid før det er implementert. Avslutningsvis opplyser kommunen at den erkjenner at Vestnes kommune at ein har eit forbetringspotensiale på området. Ein ber likevel om at Fylkesmannen legg vekt på det omfattande endringsarbeidet Vestnes kommune har gjennomført og at den arbeider kontinuerleg med å tilfredstille kvalitetskrava. Det blei også orientert om at kommunen går gjennom organisasjonsstrukturen i Bu- og habiliteringstenestene. Det er vurdert at det er behov for meir involvering og nærvær frå leiinga ute i bustadane og opp i mot fagleg arbeid og ivaretaking av rettstryggleiken til tenestemottakarane.

Kommunen erkjenner i si tilbakemelding , datert 28.10.2016, at dei ikkje har komme heilt i mål med å rette avvika som blei avdekt i tilsynet i 2011. Slik Fylkesmannen no vurderer kommunen sitt styringssystem ser det ut til at kommunen har arbeidd fram eit system som kan bli formålstenleg som hjelpemiddel i styringa av tenesta. Kommunen har førebels ikkje klart å nyttiggjere seg systemet fullt ut og Fylkesmannen peikar jamt på svikt i enkeltsaker.

Etter Fylkesmannen si vurdering må derfor kommunen framleis arbeide med å gjere styringssystemet meir robust for redusere faren for svikt i tenesteytinga. Fylkesmannen ser at kommunen planlegg og set i verk tiltak, men at det i enkelte saker sviktar i oppfølging og korrigering av tenester. Fylkesmannen viser her til tilsynsrapportar, overprøvingar av vedtak om bruk av tvang og makt, samt brev i enkeltsaker sendt kommunen det siste året. **Det er å forvente at kommunen nyttar desse tilbakemeldingane til å forbetre styringssystemet sitt. Kommunen må ha eit system som identifiserer svikt i sjølve tenesteytinga og i sakshandsaming av enkeltsaker, i dette inngår også å avdekke bruk av tvang og makt som ikkje er overprøvd og godkjent av Fylkesmannen.**

Det er kommunen som har ansvar for å finne fram til korleis teneste skal sikrast, og etter Fylkesmannen si vurdering vil dette krevje at leiinga følgjer opp tettare tenesteytinga til brukarane. I denne oppfølginga kan det være naudsynt at leiarane sørgjer for å rettleie og lære opp enkelt personell i gjeldande regelverk som regulerer tenesteytinga.

Med dei føresetnadane som er gitt i brevet over vurderer Fylkesmannen at det arbeidet som kommunen har gjort for å rette avvika som blei avdekt i tilsynet som tilstrekkeleg. På bakgrunn av denne vurderinga **avsluttast tilsynet** med tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven til personar med psykisk utviklingshemming i Vestnes kommune.

Oppsummering og konklusjon:
Fylkesmannen gjennomførte i 2011 tilsyn i Vestnes kommune som omhandla rettstryggleiken ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming.
I tilsynet blei det avdekt tre avvik.

Tilsynet er blitt følgt opp gjennom brev, møter, rettleiing og opplæringstiltak, samt handsaming av enkeltsaker og gjennomføring av stadlege tilsyn.

Målet for både Vestnes kommune og Fylkesmannen er at rettstryggleiken til personar med utviklingshemming som mottek helse- og omsorgstenester frå kommunen er tilstrekkeleg sikra gjennom kommunen sitt styringssystem. Kommunen er i gang med systemarbeid kring sakshandsaming og kvalitetssikring. Fylkesmannen legg til grunn at dette arbeidet vert prioritert og arbeidd vidare med snarast. Vidare blir det lagt til grunn at prosedyrane vert implementert og kvalitetssikra ved systematisk oppfølging og evaluering.

På det grunnlag kan tilsynet frå 2011 lukkast.

Slik situasjonen i Vestnes framstår, så er styringssystemet på plass, men det er framleis ein jobb å gjere for leiinga slik at styringssystemet vert kjent og innarbeidd hos personalet.

Fylkesmannen vil difor vurdere ny systemrevisjon på området allereie i 2018.

Fylkesmannen takkar for samarbeidet i gjennomføring og oppfølging av dette tilsynet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass.fylkesmann

Grete Teigland

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:
1 Referat frå møtet om Vestnes kommune sitt arbeid med å rette avvik frå tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming

Kopi med vedlegg:

Kontrollutvalet i Vestnes kommune	Kontrollutvalgssekreteriatet for Romsdal Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Statens Helsetilsyn	Postboks 0128	0032	OSLO

Fylkesmannen i
Møre og Romsdal

REFERAT

Formål	**Møte om Vestnes kommune sitt arbeid med å rette avvik frå tilsyn med rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming**
Til stades	Frå Vestnes kommune: ordførar Geir Inge Lien, administrasjonssjef Tone Roaldset, verksemdleiar Anna Balstad og saksbehandlar Johanne Rypdal. Frå Fylkesmannen: assisterande fylkesmann Rigmor Brøste, direktør Grete Teigland, fagkoordinator Janne Bjørsnøs og seniorrådgiver Aase Dyrset.
Blir også sendt	Kontrollutvalgssekreteriatet for Romsdal
Stad og tid	**Fylkeshuset den 6.juni kl. 09.00 – kl. 10.30**
Referent	Janne Bjørsnøs

Sak	Oppfølging
Fylkesmannen orienterte kort om at bakgrunnen for møtet er å saman med kommunen si leiing klargjere kva som står igjen å rette før tilsyn med rettstryggleiken ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming i Vestnes kommune kan avsluttast. Fylkesmannen understreka at formålet med møtet var å søkje løysingar for å kunne avslutte tilsynet frå 2011. Leiinga i Vestnes kommune påpeikar at Fylkesmannen ikkje i tilstrekkeleg grad har synleggjort og gitt konkret tilbakemelding i saka som gjeld systemrevisjonen. Kommunen uttrykker misnøye med at Fylkesmannen følgjer opp systemrevisjonen gjennom stadlege tilsyn, utan at det samstundes blir gjeve skriftleg underretning om dette i saka knytt til systemrevisjonen. Kommunen si administrative leiing har ikkje fått informasjon om arbeid gjort i enkeltsaker og er såleis ikkje gjort kjent med Fylkesmannen sine meldingar om og rapportar frå stadlege tilsyn. Fylkesmannen sa seg lei for at metoden for oppfølging av tilsynet ikkje var skriftleg kommunisert til kommunen i saka som gjeld det aktuelle tilsynet. Kommunen gjorde så greie for detaljar i enkeltsaker der det har vært gjennomført stadlege tilsyn. Fylkesmannen understreka at det er viktig at kommunen arbeider for at den gjennom sitt styringssystem sikrar at det ikkje skjer svikt tilsvarande dei observasjonane som blei i	

gjort i samband med tilsynet i 2011. Fylkesmannen har gjennom si sakshandsaming av enkeltsaker og i tilsyn sett og gjort kommunen merksam på fleire døme på svikt i kommunen sitt styringssystem. Fylkesmannen bad i møtet om at kommunen spesifikt gjorde greie for kva den har gjort for å sikre at personalet er godt nok kjent med korleis dei skal rapportere bruk av skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar. Kommunen opplyste at det er arbeidd fram ei prosedyre for dette og at alle personalgruppene no har øvd på å fylle ut melding om skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar. Kommunen har rutine på at personell ikkje får starte i arbeid før dei har gjennomført 2 SOR-kurs. Det blir gjennomført helgekurs to gonger pr. år om tvang for å fange opp dei som til dømes arbeider i helgestillingar. Tvang er tema for refleksjon på alle personalmøter og det blir brukt refleksjonskort hjelpemiddel. Det blei avtalt at Fylkesmannen, på bakgrunn av kommunen sitt brev av 28.10.2016, og opplysningane som har kome fram i dette møte, skal gjere ei ny vurdering om tilsynet frå 2011 kan avsluttast.	

ÅRIM
Langelandsvegen 1
6010 ÅLESUND

11. september 2017

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1535
Dato: 11 SEPT 2017
Saks og Arkivnr: 1535
Løpenr:
Arkivkode: 026
Gradering:

Til representantskapet i ÅRIM:

Olav Sindre Roald	*Giske kommune*
Vebjørn Krogsæter	*Haram kommune*
Arne Sandnes	*Norddal kommune*
Oddvar Myklebust	*Sandøy kommune*
Dag Olav Tennfjord	*Skodje kommune*
Eva Hove	*Stordal kommune*
Frank Sve	*Stranda kommune*
Jim Arve Røssevoll	*Sula kommune*
Odd Jostein Drotninghaug	*Sykkylven kommune*
Geir Inge Lien	*Vestnes kommune*
Knut Helge Harstad	*Ørskog kommune*
Anita Hjelvik Sætremyr	*Ålesund kommune*
Stein Kvalø	*Ålesund kommune*
Børge Wiig	*Ålesund kommune*
Jarle Hauge Steffenssen	*Ålesund kommune*
Tore Johan Øvstebø	*Ålesund kommune*

ÅRIM: INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET

Det blir med dette kalla inn til møte i representantskapet i Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS.

Tid: Fredag 27. oktober 2017 kl. 0930

Stad: ÅRIM sine lokale, Langelandsvegen 1, 6010 ÅLESUND

Sakliste:

Sak 1: Godkjenning av innkalling

Sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 25. april 2017

Sak 3: Orientering om arbeidet i selskapet [presentasjon blir gitt i møtet]

Sak 4: Budsjett og økonomiplan 2018 - 2021

Sak 6: Ny renovasjonskontrakt 2019 – 2027 [saksframlegg blir ettersendt etter styremøte 3. oktober 2017]

Sak 7: Utbyttepolitikk for ÅRIM

Sak 8: Kommunereformen: Konsekvensar for ÅRIM [saksframlegg blir ettersendt etter styremøte 3. oktober 2017]

Sak 9: Eventuelt

Møta i representantskapet i ÅRIM er opne for publikum; det er difor høve for observatørar til å møte.

Eventuelle forfall meldast til post@arim.no eller på telefon 70 31 41 00.

Med vennleg helsing

Tore Johan Øvstebø

Leiar i representantskapet

Øystein Solevåg

Dagleg leiar

Forslag til budsjett og økonomiplan 2018 – 2021 for ÅRIM ligg ved innkallinga som eige dokument.

Kopi av innkallinga til:

- Eigarkommunane til ÅRIM:

  Giske kommune

  Haram kommune

  Norddal kommune

  Sandøy kommune

  Skodje kommune

  Stordal kommune

  Stranda kommune

  Sula kommune

  Sykkylven kommune

  Vestnes kommune

  Ørskog kommune

  Ålesund kommune

- Møre og Romsdal Revisjon IKS
- Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS
- Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
- Styret i ÅRIM

Aspen, Jane Anita

Fra: Post Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap <post@arim.no>
Sendt: 21. september 2017 20:13
Til: oddvar.myklebust@sandoy.kommune.no; Lien, Geir Inge; frank.sve@mrfylke.no; vebjorn.krogsaeter@haram.kommune.no; eva.hove@stordal.kommune.no; knut.helge.harstad@orskog.kommune.no; roald@solheim-mobelverksted.no; arne.sandnes@norddal.kommune.no; anne.kristin.bryne@alesund.kommune.no; jarle.h.steffenssen@alesund.kommune.no; tore.johan.ovstebo@alesund.kommune.no; Anita.Hjelvik.Saetremyr@alesund.kommune.no; borge.wiig@alesund.kommune.no; odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no; jim-arve.rossevoll@sula.kommune.no; dag.olav.tennfjord@skodje.kommune.No
Kopi: ak.ask.bakke@hotmail.com; rbergun@online.no; jantry@stranda.kommune.no; randi.walderhaug.frisvoll@mrfylke.no; kjersti.ruset.hjelle@stordal.kommune.no; geir.peter.aure@orskog.kommune.no; hava@giske.kommune.no; polperber@norddal.kommune.no; stein.kvalo@alesund.kommune.no; anne.berte.hareide@alesund.kommune.no; andrea.hunger@alesund.kommune.no; Hakon.Lykkebo.Strand@alesund.kommune.no; roar.salen@alesund.kommune.no; bil@fishtech.as; svein.vaernes@sula.kommune.no; geir.leite@skodje.kommune.no; kjetil.bjornsen@komrev3.no; post@mrrevisjon.no; harald.rogne@sksiks.no; Aspen, Jane Anita; Giske Kommune; Haram Kommune; Norddal Kommune; Sandøy Kommune; Skodje Kommune; Stordal Kommune; Stranda Kommune; postmottak@sula.kommune.no; Sykkylven Kommune; Vestnes - postmottak; Ørskog Kommune; Ålesund Kommune; Annik Fet (annik.fet@ntnu.no); Bente Bruun (bente.bruun1@gmail.com); Jessica Gärtner (jessica.gartner@rostein.com); knutflolo@yahoo.no; lskjerstad@hotmail.com; monica@busengdal.no; Reidar Andresen (reidar@Judicia.no); Sveinung Valderhaug - Giske kommune (svevalde@online.no); Trygve Holm; Ingeborg Ukkelberg; Lars M. Fugledal; Tom Haugen; Tor Langlo-Johansen; Vegard Waagan; Øystein Peder Solevåg
Emne: Møte i representantskapet i ÅRIM 21. september 2017 - presentasjon og vedtak
Vedlegg: 20170920 presentasjon styre og representantskapet.pdf

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1535
Dato: 21 SEPT 2017
Saks og Arkivnr: 1535
Løpenr: 254/17
Arkivkode: 026
Gradering:

RenoNorden er konkurs – kva no?

20. september 2017

Historikk

- RenoNorden starta innsamlinga i Ålesundregionen i september 2013
- Skandinavias største renovasjonsaktør, har levert solide resultat fram til og med 2015
- Børsnotert 2016
- Dei økonomiske utfordringane i RenoNorden har vore kjent sidan juni.

Behandling i styret juni 2017

Vedtak:

1) ÅRIM engasjerer advokat med særleg ansvar for å bistå selskapet i den situasjonen som har oppstått. Dagleg leiar får fullmakt til å inngå nødvendig avtale.
2) Administrasjonen utformer ei orientering til representantskapet og eigarkommunane.
3) Styret og representantskapet blir halde fortløpande orientert om situasjonen. Dersom eigarane krevjer det, eller dersom det blir aktuelt med ei overtaking av drifta, blir det kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte.

Orientering til representantskapet – juni 2017

Ved ein eventuell konkurs vil bustyret truleg ha eit ønskje om å vidareføre dagens drift inntil ei avklaring er gjort, dette kan vere aktuelt for ein periode inntil tre veker, og eventuelt ut over dette. Det kan oppstå ein stans i tenesta på nokre få dagar, dette vil administrasjonen arbeide hardt for å unngå. Vår målsetting er at tenesta er i kontinuerleg drift og at vi sikrar at avfallet blir henta. Vi er likevel førebudde på å handtere eit kortvarig opphold. Vi har praktiske løysingar og vil informere innbyggjarane om korleis dei skal forhalde seg.

Dersom det oppstår ein situasjon der RenoNorden ikkje finn det mogleg å vidareføre renovasjonstenestene, vil ÅRIM innstille på å ta over innsamlinga av avfall for resten av avtaleperioden (ut august 2019). Dette blir vurdert som den beste løysinga for å sikre at avfallet blir tømd som planlagd, at det er kontroll med kostnadene ved tenestene og at det er mogleg for ÅRIM å vidareføre innføring av ny kjeldesorteringsløysing i Ålesundregionen. ÅRIM har god kompetanse til å handtere denne nye situasjonen, og RenoNorden har stilt ein bankgaranti som truleg vil dekke dei fleste ekstrakostnadene selskapet vil få med å handtere den situasjonen som oppstår.

Kvifor har vi ikkje sagt opp kontrakten før?

- RenoNorden har gjort det klart at dei har 11 kontraktar som påfører selskapet store løpende tap.
- Dette er avtalar det er uaktuelt å vidareføre etter ein konkurs. Det er stort sett ferske avtalar (frå 2016), med lang attståande leveringstid (6 – 9 år).
- Dei 11 selskapa som har hatt desse avtalane har blitt kontakta av RenoNorden med sikte på frivilleg oppseiing.
- Desse selskapa har anten tatt over renovasjonen sjølv (som RIR) eller inngått beredskapsavtale om ny leverandør i tilfelle konkurs.
- ÅRIM sin kontrakt er ikkje ein tapskontrakt for RenoNorden. Ei oppseiing av vår avtale ville utløyse krav om erstatning frå RenoNorden.
- ÅRIM sin beredskap har vore drift i eigenregi; selskapet har kompetanse i eigen organisasjon til å handtere dette.

Konkursen

- På kvelden mandag 18. september kom ei børsmelding om at styret ville begjære selskapet konkurs.
- Selskapet gikk til skifteretten på formiddagen tysdag 19. september.
- Bustyrar er oppnemnd.

Utestående

- RenoNorden har som del av kontrakten levert inn ein bankgaranti på om lag 2,7 MNOK.
- RenoNorden har ein utestående faktura for tenester levert i august på om lag 3 MNOK. Forfall ved månadsskiftet.
- RenoNorden vil fakturere leverte tenester t.o.m. 18. september, om lag 2 MNOK.
- Konkursbuet vil fakturere leverte tenester f.o.m. 19. september, om lag 100 000 kr per dag.
- ÅRIM vil motrekne mot våre tilleggskostnader. Førebels er det snakk om små beløp (truleg < 100 000), ved ein eventuell driftsstans vil kostnadene auke raskt.

Renovasjonstenestene ved opning av konkurs

- Det er 17 bilar og om lag 33 tilsette i RenoNorden si avdeling i Ålesund.
- Tysdag morgon slutta dieselkort å fungere, ÅRIM har dekka dieselkostnader for å få tenestene til å fungere. Enkelte uavklarte spørsmål om fergekort og mobiltelefonar, dette handterer ÅRIM.
- Onsdag gikk tenestene som normalt, konkursbuet har gitt tilbod om drift i ei veke, mot at ÅRIM gir avkall på å motrekne dei 5 MNOK ÅRIM skuldar buet. Etter denne veka vil alt vere uvisst, og ÅRIM har difor takka nei til avtalen.
- Bustyret varsla at tenestene ville bli stoppa torsdag. Det kom kontrabeskjed natt til torsdag, men fre

Kva seier vi til kundane?

- Vi går ut med konkret informasjon til kundane, media og kommunane om kva som skjer og korleis innbyggjarane skal forholde seg til dette.
- Vi vil ikkje seie noko i vår offentlege kommunikasjon om kva som skjer eller kva som kan skje i konkursbehandlinga. Dette skiftar frå time til time, og bidrar berre til å skape usikkerheit.
- Vi legg vekt på å skape ro og forutsigbarheit.

ÅRIM sin beredskapsplan

- Selskapet har utarbeidd ein beredskapsplan for å kunne handtere ein situasjon der renovasjonstenesten som har blitt utført av RenoNorden opphører for ein periode.
- Dette er ein lite ønskjeleg situasjon, og det vil påføre abonnentane ulemper vi ikkje ønskjer.
- Økonomisk vil det truleg vere mogleg å motrekne ulempene.

Handlingsrommet no

Vi ser fire hovudalternativ for vidare drift:

1) ÅRIM tek over drifta (eigenregi)
2) ÅRIM inngår avtale med ein aktør som vidareførar ÅRIM sin kontrakt ut kontraktsperioden
3) Konkursbuet inngår avtale med ein aktør som vidareførar ÅRIM sin kontrakt ut kontraktsperioden
4) ÅRIM gjennomfører hastekonkurranse med sikte på å få inn ny aktør.

1 Eigenregi

Dei disposisjonane ÅRIM i dag kjenner til at vi må gjennomføre er:

- Inngå arbeidsavtalar med renovatørane.
- Skaffe nødvendige renovasjonsbilar
- Sikre base for renovatørar og renovasjonsbilar.
- Stille nødvendige bankgarantiar for å få behandla innsendt søknad om transportløyve.
- Oppdaterte forsikringsavtalane til ÅRIM for å sikre nødvendig dekning.
- Vurdere serviceavtal

Renovatørane

- Allmøte gjennomført 19. september.
- Gjennomgåande positive til foreslått løysing.
- Utfordringar knytt til manglande utbetaling av løn – dette kan ikkje ÅRIM handtere men bustyret har varsla at det blir prioritert å finne ei løysing.
- Pensjonskostnadene er høgare i ÅRIM enn i private selskap

Renovasjonsbilane

- 14 av renovasjonsbilane er leasa frå DnB.
- Leasingperioden er 10 år, ut august 2023.
- ÅRIM må anten ta over bilane som blir nytta i dag og inngå ny avtale med DnB eller skaffe bilar utanfrå.
- Det var lite skjønnsomt av RenoNorden å inngå tiårskontrakt på renovasjonsbilar. ÅRIM vurderer åtte år (til 2021) som ei meir fornuftig øvre driftsperiode.
- Det er uavklart kva avtale ÅRIM vil få med DnB med desse føresetnadene.
- Det er mogleg, men krevjande å få tak i renovasjonsbilar i marknaden.
- Det er ein reell risiko for eit tap, spørsmålet er om alt dette kan motreknast mot bankgaranti eller andre utestå[illegible] RenoNorden.

Øvrige tema - eigenregi

- ÅRIM vurderer det slik at selskapet vil få auka vedlikehaldskostnader i takt med at bilane blir eldre. Det er uavklart om ÅRIM kan motrekne dette mot RenoNorden.
- Ved ei framtidig ny konkurranseutsetting av tenestene er det to viktige moment:
  - ÅRIM får større høve til å styre løns- og arbeidsvilkår i framtidige renovasjonskontraktar, dette har vist seg å vere eit svakt punkt i dagens system.
  - Det vil krevje meir omfattande interne prosessar å gjennomføre ei ny konkurranseutsetting, når dei som blir konkurranseutsett er tilsett i ÅRIM (
    overdraging

2 ÅRIM inngår avtale med ny leverandør

- ÅRIM sine kontraktar kan vere attraktive (lønnsomme), sjølv om det berre er 23 månader igjen av drifta.
- Anskaffelsesregelverket opnar for at ein aktør som oppfyller dei opprinnelege kvalifikasjonskrava og som vidarefører dagens avtalar kan tre inn i RenoNorden sin kontrakt utan ny konkurranse. ÅRIM gjennomfører ytterlegare utgreiingar av det

3 Konkursbuet inngår avtale med ny leverandør

- Konkursbuet prøver, etter det ÅRIM får opplyst, å finne ein eller fleire aktørar som kan ta over flest mogleg av dei eksisterande kontraktane RenoNorden hadde inngått.
- Førebels har konkursbuet ikkje kome med utspel, berre signal om at dette kan vere ei aktuell løysing. Truleg prøver buet å få til ei «pakke» med flest mogleg kontrakt

4 ÅRIM gjennomfører hastekonkurranse

- Det er etter anskaffelsesregelverket på visse vilkår høve til å gjennomføre konkurransar med korte fristar for å kontrahere ny leverandør. Ein slik kontrakt bør vere så kort som mogleg.
- Den juridiske og økonomiske risikoen for selskapet ved å gjennomføre hastekonkurransar blir vurdert som høgare enn for dei tre andre alternati

Styret sitt handlingsrom

- Styret sitt overordna mål er at renovasjonstenestene både på kort og lang sikt skal fungere best mogleg, både når det gjeld kvalitet og kostnader.
- Konkurs er ein krevjande situasjon å manøvrere i.
- Det er difor viktig å sikre styret eit reelt handlingsrom i forhold til å kunne forhandle seg fram til best mogleg

Samrøystes vedtak

- Representantskapet gir styret fullmakt til å handtere den situasjonen som har oppstått, herunder å inngå nødvendige avtalar for innsamling av hushaldningsavfall i eigarkommunene sitt område..
- Representantskapet ber styret halde representantskapet og eigarkommunane orienterte om vidare framdrift og

Den løysinga som i dag ser mest realistisk ut

- Det kan oppstå ein mellomperiode utan renovasjonstenester.
- ÅRIM tek over personell.
- ÅRIM tek over bilane.
- Det vil bli vanskeleg å få dekka meirkostnadene.
- Den auka bilkostnaden tilseier at vi bør drive i eigenregi til 2021.
- Det blir framleis arbeidd med løysingar som kan gi lågare pris.

Ja, det nyttar

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe:	2017-1535/04
Arkiv:	216
Saksbehandlar:	Jane Anita Aspen
Dato:	25.9.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 23/17	Kontrollutvalet	2.10.2017
	Kommunestyret	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «VESTNES KOMMUNE – HELSESTASJON- OG SKOLEHELSETENESTER»

Sekretariatet si tilråding

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar frå revisjonen:
    - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
    - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for kompetanse innan psykisk helse.
    - Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
    - Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at revisjonen sine tilrådingar blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77, nr. 4 og forskrift for kontrollutval, kap. 5.
Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultata av desse til kommunestyret, jf. kontrollutvalsforskrifta § 11.

Kontrollutvalet i Vestnes vedtok i møte 14.2.2017, sak 03/17, å bestille ein forvaltningsrevisjon av **Helsestasjon- og skolehelsetenester i Vestnes kommune.** Prosjektet kjem inn under dei tema som er beskrive i Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019.

I følgje RSK 001, Standard for forvaltningsrevisjon, skal det i starten av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt utarbeidast ein prosjektplan som skal danne grunnlag for gjennomføring av prosjektet. Prosjektplanen for dette prosjektet vart vedtatt av kontrollutvalet i møte 2.5.2017, sak 14/17.
Utvalet gav uttrykk for at dei støtta dei problemstillingane og avgrensingane som revisor har skissert i prosjektplanen.
Det vart samstundes uttrykt eit ønskje om at revisjonen også fangar opp om brukarane får informasjon på eit språk som dei forstår.

Vedlagt saken følger:

- Oversendingsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, datert 18.9.2017
- Forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** (eige vedlegg).

VURDERING

Føremålet med prosjektet er å finne ut om kommunen tilbyr helsestasjons- og skolehelsetenester i samsvar med Helsedirektoratet sine nasjonale faglege retningsliner.

Basert på bestillinga frå kontrollutvalet har dette prosjektet følgjande problemstillingar:

- Har Vestnes kommune hensiktsmessig system for samarbeid?
- Har Vestnes kommune tilfredsstillande bemanning og kompetanse?
- Korleis sikrar kommunen eit lågterskeltilbod og ivaretaking av det førebyggjande arbeidet?
- Korleis sikrar kommunen at brukarerfaringar og avvik blir nytta i forbetringsarbeidet?
- Kva ressursar blir brukt, og kva oppgåver blir prioritert?

I samandraget i starten av vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport framgår revisjonen sine hovudfunn.

Tilrådingar frå revisjonen

På bakgrunn av skisserte problemstillingar, revisjonskriterier og vurderingar har revisjonen i rapporten sitt kapittel 1 Samandrag, gjort sine samla vurderingar og tilrådingar nedfelt i 4 punkt:

1) Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.
2) Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for kompetanse innan psykisk helse.
3) Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
4) Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.

Sekretariatet meiner det er viktig å ta revisor sine tilrådingar vidare og synliggjere dei forbetringsområda som er funne for kommunestyret. Kontrollutvalet vert difor tilrådd å legge den fram for kommunestyret med forslag om å ta rapporten til vitande og å be administrasjonssjefen følgje opp revisor sine tilrådingar i rapporten.

Med utgangspunkt i prosjektplanen som vart framlagt for kontrollutvalet, vurderer sekretariatet at rapporten belyser problemstillinga som kontrollutvalet hadde ønske om å undersøke i dette prosjektet.

På bakgrunn av dette vert saka lagt fram for behandling i kontrollutvalet med ovanstående forslag til vedtak.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Aspen, Jane Anita

Fra: Einar Andersen <Einar.Andersen@mrrevisjon.no>
Sendt: 18. september 2017 14:31
Til: Postmottak - Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kopi: Roaldsnes, Tone; Vestnes - postmottak; Aspen, Jane Anita
Emne: Vestnes kommune - rapport fra forvaltningsrevisjonsprosjekt
Vedlegg: Følgebrev rapport (2017-09-18).pdf; Vestnes - forvaltningsrevisjon - 2017 - helsestasjon og skolehelsetjeneste - rapport (18.9.2017).pdf

Hei!

Møre og Romsdal Revisjon IKS viser til bestilling foretatt av Kontrollutvalget i Vestnes kommune av forvaltningsrevisjon om helsestasjon og skolehelsetjenester. Prosjektet er gjennomført. Rapport med følgebrev følger vedlagt for behandling av kontrollutvalget.

Rapport og følgebrev oversendes kun elektronisk.

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kommunenr: 1535
Dato: 18 SEPT 2017
Saks og Arkivnr: 1535 | Løpenr: 247/17
Arkivkode: 216 | Gradering:

Med vennlig hilsen
MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Einar Andersen
Forvaltningsrevisor
917 08 199 Mobiltlf.
einar.andersen@mrrevisjon.no

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/04
Arkiv: 210
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 25.9.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 24/17	Kontrollutvalet	2.10.2017

VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. JULI 2017

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. juli 2017 til orientering.

Bakgrunn for saka

Etter i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet:

"påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte."

Med heimel i lova har Kommunaldepartementet gitt Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta), kor kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon går fram av kapittel 4.

Med heimel i kommunelova § 46 nr. 8, har Kommunaldepartementet gitt **Forskrift om årsbudsjett for kommuner.**

I § 10 i Forskrifta går det fram at administrasjonssjefen gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter i tråd med vedtatt årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finn rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå store avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret leggast fram forslag til naudsynte tiltak. Rapporteringa skal minimum skje to gonger pr. år jf. merknad til paragraf 10.

I § 11 går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når dette vert vurdert påkravd. Det er kommunestyret sjølv som skal vedta dei naudsynte endringar i årsbudsjettet.

I § 12 går det fram at oversiktene skal innehalde inntekter, utgifter, avsetningar og bruk av avsetningar og bygge på same grunnlag som vedtatt årsbudsjett.

I Vestnes kommune sitt økonomireglement stå det at «Vestnes har tre årlege rapporteringar til kommunestyret, for kvart kvartal, og i tillegg årsrapporten.
Kvartalsrapportane sak innehalde:

- Økonomi, drift og investering
- Sjukefråvær
- Befolkningsendring (dersom oppdaterte tal er klar)
- Oppfølging av politiske vedtak
- Tilsyn
- Finansforvaltning
- Evt. andre vesentlege avvik eller forhold kommunestyret bør få opplysningar om.

I kvartalsrapportane skal det være med oversikt over framdrift, forbruk og opplysning om evt. forventa avvik på dei einskilde investeringsprosjekt.»

Vedlagt saka følgjer:

- Saksframlegg til kommunestyre 21.9.2017 sak 73/2017, samt saksprotokoll.

VURDERING

Kommunestyret i Vestnes behandla driftsrapport pr. juli 2017 i møte 21.9.2017.
Det vart samstundes gjort nokre budsjettkorrigeringar. Viser her til vedlagt saksprotokoll og saksframlegg frå kommunestyremøte 21.9.2017, sak 73/2017.

Administrasjonssjefen skriv at eksterne driftsinntekter ser ut til å bli 3,6 mill.kr mindre enn budsjettert. Det er forventa mindre skatteinntekt og ikkje utbetaling av oppdrettskonsesjonsmidlar. Sjølv om prognosane er usikre, rår administrasjonssjefen til å redusere budsjettet for skatt- og inntektsutjamning med 1,4 mill. kroner.
Det vert også foreslått å redusere budsjettet med 2,0 mill. kroner for ressurskrevjande brukarar, og stryke tilskot frå havbruksfond på 3,0 mill. kroner.
Vertskommunetilskot, integreringstilskot og utbytte VEAS vert høgare enn budsjettert.

Driftsutgiftene viser at forbruket er noko høgare enn på same tidspunkt i 2016. Det er noko over det som er normalt, skriv administrasjonssjefen. Dei fleste einingane ser ut til å halde budsjettramma. Det er likevel nokre som har høgt forbruk og som ikkje vil klare å halde budsjettramma. Samla vurderer administrasjonssjefen at ein skal halde driftsutgiftene i balanse, mykje grunna reduserte pensjonskostnader.
Pleie- og omsorg ligg an til å få eit meirforbruk på 3,0-5,0 mill. kroner, og NAV-kommune ligg an til å få eit meirforbruk på 1,0 mill. kroner.

Administrasjonssjefen skriv i driftsrapporten at revisjonen har hatt gjennomgang av balansekontoane og peikt på at det fortsatt er ein del eldre krav og feilføringar som bør avskrivast i 2017. Det er tidlegare allereie tapsført 1,6 mill. kroner. Det vert også nemnd at det er ein del utestående fordringar på husleige, barnehage, SFO m.m. som er så gamle at ein bør vurdere om dei skal avskrivast som tap.
Kontrollutvalet har tidlegare fått informasjon frå administrasjonen knytt til desse tapa. Kanskje bør utvalet igjen vurder å spørje administrasjonen om det er noko som kan gjerast med rutinane, slik at ein kan minske desse tapa.

Pr. juli er det utgiftsført 29,7 mill. kroner i investeringsrekneskapen.
Det følgjer med ei oversikt over dei einskilde investeringsprosjekta med budsjettsum, rekneskap så langt og staus for prosjekta.

Driftsrapporten inneheld også oversikt over endring i innbyggjartal 1. halvår 2017, oppfølging av politiske vedtak, sjukefråveret og status for gjennomførte tilsyn.

Sekretær er ikkje kjend med at det er feil eller manglar ved den framlagde driftsrapporten.

Jane Anita Aspen
daglig leder

VESTNES KOMMUNE

Saksframlegg

Arkiv: 210
Arkivsaksnr.: 2017/244
Saksbehandlar: Magne Værholm
Dato: 04.08.2017

Driftsrapport pr. juli 2017

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskapet	04.09.2017	69/2017
Kommunestyret		

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 31. juli til orientering.
2. Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande budsjettendringar:

	Utgifter		Inntekter	
Sektor	Auke budsjett	Redusere budsjett	Auke budsjett	Redusere budsjett
Ressurskrevjande brukarar				2 000 000
Skatt- og inntektsutjamning				1 400 000
Vertskommunetilskott			1 200 000	
Oppdretskonsesjon				3 000 000
Utbytte VEAS			1 100 000	
Integreringstilskott			1 000 000	
Renter og avdrag		1 400 000		
Redusert pensjonsutgifter		1 700 000		
Kapitalinnskudd KLP	2 503 000			
- Bruk av fond			2 503 000	
	2 503 000	3 100 000	5 803 000	6 400 000

3. Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande overføringar mellom prosjekt i investeringsbudsjettet:

		Budsjettendring	
Prosjekt	nr. og namn	Auke	Redusere
73	Vestnes stadion-kunstgras	350 000	
240	Ivartun, legge om tak	3 000 000	
453	Kjøp tomt Misfjordskogen industrifelt	1 174 000	
210	Myra, veg og parkering	300 000	
197	Bustadar til vansklegstilte		4 824 000

4. Vestnes kommunestyre godkjenner oppretting av ei 100% rådgjevarstilling innan økonomiseksjonen frå snarast.

5. Vestnes kommunestyre tek oppfølgjing av politiske vedtak til vitande.

1. Innleiing

Driftsbudsjett for 2017 vart godkjent av kommunestyret i sak KST 141/16, investeringsbudsjett i sak KST 140/16 og kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan 2017 - 2020 i sak KST 110/16.
I tillegg vart det i sak KST 14/17 godkjent overført ubrukte løyvingar frå tidlegare år til 2016. Økonomiplan og budsjett er oversendt til Fylkesmann. Sidan vi ikkje lenger er innmeldt på ROBEK lista treng, vi ikkje godkjenning derifrå. Vi plar likevel få tilbakemelding med kommentarar til budsjettet.

Det er tidlegare lagt fram driftsrapport pr. 1. kvartal. Det vert no lagt fram rapport pr. utgangen av juli. Årsaktil at det vert valt juli i staden for pr. 1.halvår som kanskje er meir vanleg er at då får vi ein mest mogeleg oppdatert rapport.

2. Oppsummering pr. juli 2017

- Budsjett 2017 er stramt slik det har vore i fleire år. I driftsbudsjettet er det innarbeidd sparetiltak i dei fleste sektorar. Vi klarer å dekke inn sparetiltaka i dei fleste sektorar, men i helse- og omsorg ser vi pr. i dag at vi ikkje klarer å få nok realistiske tiltak til å klare innsparinga.
- Det kanskje mest krevjande og utfordrande er at det ikkje er avsett midlar til å dekke uforutsette hendingar, vi ser allereie no at det er komme nye tiltak som vi ikkje kjende til då budsjett vart utarbeidd.

- **Inntektene** vert mindre enn budsjettert. Det var budsjettert med 3,0 mill. kr frå havbruksfondet, dette får vi ikkje. Skatteinntektene vert, etter dei signal som er gitt i revidert nasjonalbudsjett, mindre enn vi har budsjettert. Også tilskott til ressurskrevjande brukarar vert mindre enn budsjettert.
  På den andre sida vart utbytte frå VEAS 1,1 mill. kr høgre enn rekna med, og vertskommunetilskottet 1,2 mill. høgre.
  Samla ser eksterne driftsinntekter ut til å bli 3,6 mill. kr mindre enn budsjettert. Vi gjer framlegg om budsjettendringar for å dekke inn det meste av dette.

- **Drifta**, dei fleste driftseiningane ligg an til å klare å holde budsjettet eller kanskje klare litt innsparing. Men nokre vil få meirforbruk, det gjeld spesielt innan pleie- og omsorg. Pensjonsutgiftene vert mindre enn budsjettert, det er medverkande årsak til at vi pr. i dag vurderer at drifta skal holde seg innanfor budsjett sjølv om vi har fått ein del uforutsette utgifter på nokre områder.

- **Renter og avdrag**, lågare rente gjev ei innsparing på 1,4 mill. kr.

- **Budsjettendringar,** det vert føreslått ein del budsjettendringar både i drifts og investeringsbudsjett.

- Det er budsjettert med eit overskott på 4,8 mill. kr. Administrasjonssjefen vil gjere alt som er mogeleg for at vi skal klare å få dette resultatet og vil, dersom det viser seg naudsynt, sette i verk ekstra tiltak for å klare det.

3. Driftsbudsjett 2017

3.1 Driftsinntekter

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Avvik
Driftsinntekter eksterne	-			
Skatt og inntektsutjamning	179 224	182 400	181 000	-1 400
Rammeoverføring	146 941	155 700	155 600	-100
Ekstra skjønnstilskott	1 600	1 000	1 000	0
Vertskommunetilskott	102 945	102 600	103 800	1 200
Ressurskr. brukarar	20 323	27 000	25 000	-2 000
Integreringstilskott	13 797	12 000	13 000	1 000
Eigedomsskatt	9 283	19 000	19 000	0
Komp eldreutb/skule m.m.	2 547	3 000	2 600	-400
Oppdrettskonsesjon		3 000	0	-3 000
Utbytte VEAS	5 300	5 000	6 100	1 100
Driftsinntekter	481 960	510 700	507 100	-3 600

- Eksterne driftsinntekter ser ut til å bli 3,6 mill. kr mindre enn budsjettert.
- Det er forventa mindre skatteinntekt og ikkje utbetaling av oppdrettskonsesjonsmidlar.
- Vi foreslår budsjettendringar som dekker inn det meste av forventa mindreinntekt.

Skatt og inntektsutjamning
Var budsjettert som oppgitt i statsbudsjettet.

Det vart svært god skatteinngang på landsbasis i 2016, det er ikkje forventa at skatteinngangen skal auke så mykje i 2017.
I revidert nasjonalbudsjett (RNB) blei det rekna med ein auke i skatteinntektene på 1,0% i 2017.
Skatt- og inntektsutjamning vert utrekna etter folketal pr. 01.01.17. Innbyggjartalet i Vestnes gjekk ned i 2016, og dermed vert prognose for skatt- og inntektsutjamning korrigert ned.
Ny prognose er 179,1 mill. kr, dvs. 2,5 mill. kr mindre enn budsjettert.

Skatteinngang pr. juli har vore som følgjer:

	Sum	1. kvartal	2. kvartal	Juli	Sum pr. juli
Budsjett 2017	182 400	53 200	37 159	20 771	111 130
Rekneskap 2016	179 224	50 489	37 809	20 075	108 373
Budsjettert auke	3 176	2 711	-650	696	2 757
		5,4	-1,7	3,5	2,5

Skatteinngangen er pr. juli høgre enn anslått i revidert nasjonalbudsjett, men det var spesielt frå august og ut året i 2016 at skatteingangen auka mykje. Skal vi følgje signala i RNB vil reduksjonen komme i resten av året.

Her føler vi at prognosane er usikre, rår likevel til å redusere budsjettet med 1,4 mill. kr til 181,0 mill. kr.

Rammeoverføring
Vert om lag som budsjettert.

Ressurskrevjande brukarar
Auken i budsjett 2017 har samanheng med fleire ressurskrevjande brukarar. Tilskottet aukar, men også utgiftene, spesielt utgiftene på sektor barn, unge og familie som har fått fleire brukarar.
Elles er dei fleste ressurskrevjande brukarane i Bu- og habiliteringstenestene.
Inntektsanslaget her likevel sett noko høgt, endring i regelverket når Stortinget vedtok statsbudsjett 2017 gjer at vi får mindre refusjon enn tidlegare rekna med. Lågare pensjonskostnad fører også til redusert tilskott her.
Foreslår å redusere budsjettet med 2,0 mill. kr.

Fleire brukarar i Bu- og habiliteringstenestene får truleg auka bemanning i 2. halvår, m.a. etter krav frå Fylkesmannen. Eininga må få auka budsjett til dette, men vi kan auke tilskott også, vi har einno ikkje nok oversikt over dette enno og tek dette i rapport pr. 3. kvartal.

Vertskommunetilskott
Det vert 1,2 mill. kr høgre enn budsjettert.

Tilskott frå havbruksfondet
Det var i 2016 ute ei høyring frå Nærings- og Fiskeridepartementet som, kort sagt, går ut på at kommunar som har oppdrettsanlegg skal få tilbakeført delar av konsesjonsavgiftene når det vert tildelt nye konsesjonar.
Det vart føreslått ei fordeling mellom kommunane alt etter kor stor andel av samla lokalitetar i landet det er i kommunen. Vestnes er oppgjeve med 0,31 %.
Då budsjettframlegg 2016 vart utarbeidd var det signal om at det ville bli slik utbetaling i 2017. Vi budsjetterte med 3,0 mill. kr.
Det er no svært usikkert om det i det heile vert utbetaling i 2017.
Vi foreslår å stryke denne inntekta.

Integreringstilskott
Vert 1,0 mill. kr høgre enn budsjettert grunna fleire fleire busettingar enn rekna med når budsjettet vart utarbeidd. Vi er begynt på 2018 kvoten.

Utbytte VEAS
Budsjettert utbytte 5,0 mill. kr. Det vart 6,1 mill. kr.
Dette er positivt og er med å dekke andre mindreinntekter.

3.2 Driftsutgifter

3.2.1 Nokre nøkkeltal

	2016	2017
Nto. forbruk av totalbudsjett		
- pr. 1. kvartal	18,6	18,3
- pr. 1. halvår	47,2	48,7
- pr. juli	56,4	57,6
Løn- og sosiale utgifter i % av totalbudsjett		
- pr. 1. kvartal	23,7	23,6
- pr. 1. halvår	41,9	42,1
- pr. juli	50,3	50,5

- **Forbruket er noko høgre i år enn på same tidspunkt i 2016. Det er noko over det som er normalt.**
- **Dei fleste einingane ser ut til å holde budsjettramma. Det er likevel nokre som har høgt forbruk og som ikkje vil klare å holde budsjettramma.**
- **Pensjonsutgiftene vert mindre enn budsjettert, det vil være med å dekke meirforbruk som nokre einingar har.**
  Samla vurderer vi at vi skal holde driftsutgiftene i balanse, mykje grunna redusert pensjonskostnad.

3.2.2 Hovudoversikt sektorvis

Formål	Rekneskap 2 017	Budsjett 2 017	Forbruk i %
Politisk verksemd	4 036	6 457	62,5
Sentraladm/servicektr/fellesutg *	19 183	30 888	62,1
Grunnskule	43 933	79 977	54,9
Barnehage	22 428	40 702	55,1
Kulturskulen, almen kultur og fritid	7 906	14 415	54,8
Kvalifisering og integrering	6 477	9 363	69,2
Barn, ungdom og familie	15 709	31 438	50,0
Helse, omsorg og velferd	77 446	132 548	58,4
Bu- og habiliteringstenestene	67 489	119 421	56,5
Eigedomsdrift	16 785	27 774	60,4
Teknisk sektor	10 602	14 417	73,5
Kjøp tenester Tremek	1 868	2 500	74,7
Sum driftsutgifter	293 862	509 900	57,6

3.2.2 Nokre kommentarar til drifta

Sentraladm./servicekontor og fellesutgifter
Det er her utgiftsført 1,6 mill. kr som var for mykje balanseført som utestående krav. Det har samanheng med at arbeidsgjevaravgiftasone er redusert.
Ser vi vekk frå dette er forbruket her normalt.

Grunnskule
Fellesutgiftene er høgre enn budsjettert, det er spesielt utgifter for elevar som er går på spesialskule eller er plassert i fosterheim i andre kommunar som er høg.
Sjølve barneskulane ser ut til å holde budsjettramma og kanskje ha litt innsparing.
Samla vurderer vi at sektoren vil holde budsjettramma.

Barnehage
Kjøp av spes. ped. tenester 1. halvår (kr 500.000,- - kr 600.000,-) er enno ikkje bokført slik at resultatet er noko for godt.
Vi vurderer likevel at sektoren vil holde budsjettramma.

Kvalifisering og integrering
Voksenopplæringssenteret mangler inntekter frå IMDI, det er nok årsak til høgt forbruk på denne sektoren.
Utgiftene til busette flyktningar vert høgre enn budsjettert, dette må ein sjå opp mot at også inntektene (ført på andre kapittel) vert høgre enn budsjettert.

Barn ungdom og familie (BUF)
Dette er ei ny eining frå 2017. Den består av rus og psykisk helse, Myra aktivitetssenter, sosiale tenester barn og ungdom, helsestasjon, jordmorteneste, barnevern.

Kommunestyret har sett ei netto budsjettramme på 31,4 mill. kr. Tilsvarande forbruk i 2016 var 21,2 mill. kr, auken skuldast fleire ressurskrevjande brukarar, samt slik budsjettert styrking:

- Ny stilling innan rus/psykisk helse (50 %)
- Rehabiliteringssjukepleiar Heimetenestene (50 %)
- Foreldreveilleder Helsestasjonen (100 %)
- Einingsleiar (100 %)

Forbruket pr. juli er noko under snittet. Det er mykje som enno er usikkert her både med inntekter (refusjonar og tilskott) og utgifter som vil komme utover hausten (ressusrskrevjande brukarar), men **vi vurderer pr. i dag at sektoren vil holde budsjettramma**.

Pleie- og omsorg
Forbruk på over 58 % pr. juli, det er over normalt forbruk på dette tidspunkt. Det er spesielt heimetenestene som ligg an til meirforbruk. I tillegg fekk sektoren redusert budsjettet med 1,5 mill. kr som eit sparetiltak når budsjettet vart godkjent. Dette ser vi pr. i dag ikkje korleis vi skal klare å dekke inn.
Administrasjonen prioriterer arbeidet med å sette i verk tiltak slik at meirforbruk skal bli minst mogeleg, likevel vurderer vi at meirforbruket kan bli 3,0 – 5,0 mill. kr

Nav – kommune
Einingsleiar gjev melding om at sosialhjelp ligg an til å få eit meirforbruk på 1,0 mill. kr. Då er sosialhjelp til busette flyktningar holdt utanfor.

Bu- og habiliteringstenestene
Hadde i 2016 ei innsparing på 3,0 mill. kr og var hovudgrunnen til at Vestnes kommune fekk overskott i 2016.
Forbruket i år ligg 4,9 mill. kr høgre enn etter tilsvarande periode i 2016. Det tilsvarar ein auke på knapt 8,0 %.
Det er fleire årsaker til dette m.a.:

- Fleire brukarar må av helsemessige grunnar ha høgre bemanning enn tidlegare
- Fylkesmannen har sett krav om høgre bemanning på nokre brukarar/bueining Kariplassen.
- Organisatoriske endringar, kommunestyret har vedteke å redusere leiarspennet (færre tilsette pr. leiar). Det er difor tilsett fleire koordinatorarar.
- Det er også auka bemanning på nokre ressurskrevjande brukarar og vil auke meir utover hausten. Her vil vi få refundert mykje av kostnadane ved auka tilskott frå staten. Vi kjem tilbake til dette i neste driftsrapport, då har vi fått oversikt på kor mykje dette vert. Budsjett for Kariplassen kan då bli auka, tilsvarande forventa tilskott frå staten.

Vi reknar likevel med at bu- og habiliteringstenestene skal holde budsjettramma.

Lønsoppgjer
Det var avsett 4,5 mill. kr til å dekke årets lønsoppgjer og lønstillegg gitt hausten 2016 som ikkje var avslutta, og innarbeidd i budsjett 2017, då budsjettet vart utarbeidd.
3,6 mill. kr er no att til å dekke årets lønsoppgjer. Det kan dekke eit tillegg på ca. 2 % frå 01.07.17
Det meste av lønstillegg for i år vart allereie avtalt ved lønsoppgjeret i 2016, og avsatt sum skal dekke årets lønstillegg.

Pensjonskostnader
Auken i pensjonskostnadane har variert mykje frå år til år, avhengig av løns- og trygdeoppgjer, og kor mykje som vert ført som premieavvik (overført til seinare års inndekning), samt økonomisk resultat for KLP.
Vi har ikkje noko påverknad på kor stor sum som skal utgiftsførast. Vi får avrekning frå KLP og Statens pensjonskasse.

Det er **utgiftsført** følgjande pensjonsutgifter siste åra:

	År	Sum	Auke i %
Rekneskap	2010	31 560 000	6,4
	2011	32 500 000	3,0
	2012	32 600 000	0,3
	2013	40 000 000	22,7
	2014	42 000 000	5,0
	2015	45 900 000	9,3
	2016	47 900 000	4,4
Budsjett	2017	56 000 000	17,1

- Pensjonskostnadane vert lågare i år enn det som er budsjettert. Dette m.a. grunna godt resultat i pensjonsselskapa, lågare lønsauke og trygdeoppgjer enn rekna. Reguleringspremien vert også lågare.
- Førebels avrekning kjem seinare i haust og endeleg avrekning etter årsskiftet, men førebels reknar vi med ei innsparing på rundt 8,0 mill. kr.
- Innsparing vert brukt til å dekke avskriving av tap (1,6 mill. kr), dekke forventa redusert tilskott til ressurskrevjande brukarar (1,7 mill. kr) og redusere utgiftene på driftseiningane. Driftseiningane vil ikkje bli belasta pensjonskostnad i desember, og dette er medrekna i vår vurdering av driftssituasjonen.

Avskriving utestående krav
Revisjonen har hatt gjennomgang av balansekontoane og peikt på det fortsatt er ein del eldre krav og feilføringar som bør avskrivast i 2017.
Som nemnt tidlegare har vi allereie tapsført 1,6 mill. kr.
Det er nok også ein del utestående fordringar på husleige, barnehage, SFO m.m. som er så gamle at vi bør vurdere om dei skal avskrivast som tap.

4. Renter og avdrag

Renter og avdrag i 2016 vart 21,1 mill. kr. I 2017 er det budsjettert 24,0 mill. kr.

Det var budsjettert med 2,0 % rente på lån som ikkje hadde fast rente.
Renta har vore noko lågare i år, og renteutgiftene vert 1,4 mill. kr mindre enn budsjettert.
Det vil berre bli utgiftsført minimumsavdrag, denne summen er enno ikkje klar.

5. Finans- og gjeldsrapport

Iflg. finans- og gjeldsreglementet, som vart vedteke av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to ganger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

Status pr. juli er som følgjer:

Lån pr. juli 2017

Långjevar	Lånenr.	Opprinneleg beløp	Restgjeld	Rente	Rrentevilkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	67 930 370	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	64 576 340	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	16 775 440	2,69	Fast rente	20.06.2019	2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	26 595 000	1,30	Fast rente	29.01.2018	2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	14 216 250	1,57	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	62 003 590	1,52	P.t. rente		2046
Kommunalbanken	20170325	53 058 000	53 058 000	1,59	P.t. rente		2042
KLP kommunekreditt	46847		5 217 000	1,55	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		69 562 500	1,58	Nibor-3mnd		2042
Husbanken	14603322	1 029 000	94 480	1,62	Flytande		2019
Husbanken	14608740	6 450 000	1 974 879	1,62	Flytande		2024
Husbanken	14612696	1 205 000	415 411	1,62	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	8 546 477	0,62	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	427 554	1,62	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	772 550	1,62	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 850 608	1,62	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	9 276 481	1,62	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 854 231	1,62	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	2 000 000	1,62	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	8 000 000	8 000 000	1,62	Flytande		2046
			421 147 161				

- I 1. halvår i år er det betalt 10,6 mill. kr i avdrag på lån.
- Det er teke opp eit lån i Kommunalbanen på 53,1 mill. kr til å finansiering av vedtekne investeringar i år, flytande rente.
- Lånegjelda vår pr. juli 2017 er 421,1 mill. kr, ein auke på 42,5 mill. kr frå årsskiftet.
- Startlån utgjer 30,2 mill. kr.
- 41,8 % av låna våre er knytt til fastrente på mellom 0,5 og 6,0 år.

	Pr. 01.01.17	Pr. 31.07.17
Andel fastrente	**47,60 %**	**41,80 %**
Gj. Snittleg bindingstid alle lån	**2,15 år**	**1,68 år**
Gj. Snittleg bindingstid fast rentelån	**4,5 år**	**4,0 år**
Gj. Snittleg rente på alle lån	**1,71**	**1,67**

- Alle låna er ordinære lån, dei fleste serielån. Det er ikkje lån i sertifikat- eller obligasjonsmarkedet.
- Vi har ingen lån som må refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.

Låna er fordelt på følgjande bankar:

Bank	Lånesum
Kommunalbanken	305 154 990
KLP Kommunekreditt	74 779 500
Husbanken	41 212 671
	421 147 161

6. Investeringsbudsjett

Det er godkjent følgjande summar til investeringar i 2017:

- KST 140/16 - Investeringsbudsjett 2017 kr 53.160.000,-
- KST 3/17 - Ørskogfjell skisenter AS - auka aksjekapital kr 3.700.000,-
- KST 14/17 - Overført unytta løyving frå 2016 kr 63.412.000,-
- KST 14/17 - Kjøp av stigebil kr 2.400.000,-
- KST 28/17 - Rehabilitering av Vestnes kunstgrasbane kr 2.523.000,-
- KST 43/17 - Oppgradering trådlaust nett skulane kr 1.100.000,-
- KST 53/17 - Kjøp av areal Trohaugen kr 4.665.000,-

Sum kr 130.960.000,-

Det er teke opp eit lån på kr 53.058.000,- til å finansiere årets vedtekne investeringar, resten vert finansiert ved momsrefusjon, tilskott m.m.
Overførte løyvingar frå 2017 er allereie finansiert ved tidlegare låneopptak.

I tillegg kjem utgifter til rehabilitering av Tomrefjord idrettshall, men dette vil bli finansiert ved låneopptak i 2018.

Pr. juli er det utgiftefört 29,7 mill. kr i investeringsrekneskapen.

Detaljert status:

Prosjekt nr	namn	Regnskap 2 017	Budsjett 2 017	Diff.	Merknad
1	IKT, hovudanlegget	178	412	-234	
73	Vestnes stadion-kunstgras	2 859	2 523	336	Ferdig, meirforbruk
83	PC, barnehagar og kulturskule	58	100	-42	
89	IKT samarbeid Romsdal	1 204	1 350	-146	
92	PC', lærarar og elevar	0	1 500	-1 500	Innkjøpsprossess tatt lang tid, håper innkjøp kan skje i haust
120	Avskjerande overvassgrøfter, byggefelt	82	135	-53	Vert brukt i 2017
128	Helland skule, prosjektering	70	3 798	-3 728	Konseptstudie i september, kontrakt m/konsulent inngått
130	Tomrefj. idr.bygg, forprosj./tilstandsanalyse	4 353	1 614	2 739	Forprosjekt ferdig, anbud innkomme, eiga sak til KST
135	Kartlegging og adressering	207	300	-93	Vert ferdig i 2017
143	Planleggingsmidlar Helse- og omsorg	225	3 921	-3 696	Kontrakt m/prosjektleiar inngått, prosjektering starter no
145	Reguleringsplan sentrum/sjøgata	11	400	-389	
146	Prosjektering sjøfront Helland sentrum	118	25 652	-25 539	Anbud innkomme, sak kommunestyre m/finansieringsplan
149	Trohaugen industriområde-utviding 2014	129	1 226	-1 097	Asfaltering står att, elles ferdig
160	Opprusting kommunale bygg	437	1 588	-1 151	kjøkkenbygg, for lite planleggingskapasitet til meir no
164	Sentrakjøkken-utbetring av golv	0	400	-400	
175	Varmeanlegg Myra	37	4 560	-4 523	Ein del arbeid vert gjort, langt lågare utg. enn budsjettert
185	Kommunale vegbruer, Gamlebrua Straumen	0	1 000	-1 000	Planlegging pågår, vert utført i år
186	Kommunale byggjefelt, Åslia	0	5 700	-5 700	Anbud ok, byggjestart i september
189	Utbedring Tomrefjord brannstasjon	336	330	6	Ferdig
197	Bolígar til vanskligstilte	6	6 483	-6 477	Merknad 1
208	Trådlaust nett på skulane	648	1 100	-452	Arbeidet pågår
210	Myraområdet, veg og parkering	1 241	941	300	Arb. ferdig, overskriding, føreslått dekka av andre prosjekt
215	Fagsystem for norske institusjonskjøkken	0	150	-150	
216	Sentralkjøkken, ny steikepanne	68	120	-52	
218	Diverse friluftstiltak	0	642	-642	
220	Helland skule, elevpultar og stolar m.m	120	120	0	Ferdig
222	Bakneset, kommunalt byggjefelt	7	4 600	-4 594	Anbud ferdig, byggjestart i haust
223	Tresfjord sylteråket, klargjering av tomter	605	550	55	Ferdig, kun småarbeid står att
224	Misfjordskogen, industriområde	48	5 800	-5 752	Prosjektert, anbud i haust, byggjestart i 2018
225	Kompaktlaster/minilaster grønn avd	0	350	-350	leveres i september, innafor budsjett
226	Feiemaskin	612	600	12	Ferdig
227	2 nye plenklipparar	169	200	-31	Ferdig
228	Traktor, tekniske tenester	0	1 700	-1 700	Leveres i september, innafor budsjett
229	Hurtigbåtkaia Helland, kollektivpunkt	0	220	-220	Vert gjennomført i år
230	Kjersemdalen, asfaltering	68	3 400	-3 332	Arbeidet startar i september
231	Vestnes kyrkjelege fellesård div. inv.	0	350	-350	
232	Vestnes kyrkjegard, utviding	0	3 500	-3 500	
233	Digitalisering av arkiv	0	1 600	-1 600	
234	Ryddiing og avlevering av gamle arkiv	0	425	-425	
235	Oppgradering gamle brannsentralar	83	300	-217	
236	Ombyggjing av NAV-kontor	0	500	-500	Vert ikkje gjennomført, NAV vil ikkje dekke auka husleige
237	Gamle Myra gard, skifte tak m.m	24	1 500	-1 477	Arbeidet starta
238	Utskifting av vindu i fleire bygg	0	1 500	-1 500	Oppigarden og Ivartun, kontrakt inngått
239	Oppgradering møterom på kommunehuset	104	1 000	-896	
240	Ivartun, legge om tak	0	1 000	-1 000	Merknad 2
241	Solstua, veranda og utemoråde	225	300	-75	Arbeidet utført
242	Tomrefjord skule, opprusting toalett m.m.	262	800	-538	Arbeidet pågår
243	Heimetenestene, carport og ladestasjon	211	1 400	-1 189	Vert ikkje bygdt carport, kun ladestasjon
244	Sannering av raudt og brunt hybelhus	0	1 500	-1 500	Anbud ferdig, vert utført i haust
245	Kulturskulen, musikkinstrument	278	400	-122	
246	Legesenter, div utstyr	21	160	-139	
247	IKT utstyr, val 2017	0	100	-100	
248	Oppgradering av sosialsystemet	0	155	-155	
249	Fiksdal barnehage, uteområde	147	200	-53	Ferdig
277	Sjukeheim/Trygdeheim, div. utstyr	92	103	-11	
440	Nye vindu Tomrefjord skule	0	140	-140	
453	Utbygging Misfjordskogen ind.felt	1 174	0	1 174	Tomtekjøp, ikkje budsjettert, må inndekkast no
700	Avløp, renovering og utbygging	0	0	0	

708	Nye gatelys etter prioritering	0	112	-112	
750	Skifting av armatur gatelys	38	448	-410	
763	Asfaltering	995	2 000	-1 005	Vert brukt i løpet av 2017
797	Buktavegen 2014	2 541	12 217	-9 676	Arbeidet pågår
798			500	-500	Arbeidet i gang
808	Avløp Buktavegen 2017	1 841	1 900	-59	Nesten ferdig
809	Luktfjerningsanlegg RA 1	273	273	0	Ferdig
813	Pumpestasjon badeplass Vikebukt	263	900	-637	
	Pumpestasjon Sjøgata		1 427	-1 427	
825	Stigebil brannvern	0	2 400	-2 400	Ikkje funne aktuell brukt bil enno
940	Kjøp aksjar og andelar	6 202	3 700	2 502	Kapitalinnskudd i KLP 2,5 mill. kr må godkj. av KST.
951	Avdrag på lån til utlån	440	0	440	
	div. prosjekt	445		445	
952	Utlån	182	0	182	
	TOTALT	29 737	126 295	-96 565	

1 Behovet for slike husvære visste seg å ikkje være så stort som vi rekna med. kommunen har ledige husvære no og det vert ikkje kjøpt fleire i år. Budsjett vert ubrukt, vert seinare føreslått å finansiere andre prosjekt som evt. får meirforbruk.

Budsjettauke

Eigenkapitalinnskudd KLP, pensjonsfonda i KLP aukar og det er behov for å auke eigenkapitalen frå kommunane. Dette for å opprettholde god soliditet.
Eigenkapitalinnskott som Vestnes må dekke i 2017 er kr 2.503.000,-, dette vert ført som kjøp av aksjar og må finansierast ved bruk av frie fond. Her må kommuestyret godkjenne budsjettauke.

Budsjettendringar

- Ein del investeringsprosjekt har eller vil truleg få noko overskriding, kommunestyret skal iflg. økonomireglemenet vårt godkjenne omdisponeringar mellom prosjekt i investeringsbudsjettet.
  Nokre prosjekt får også innsparing (eller vert ikkje gjennomført som planlagt), dette vil bli brukt til å finansiere meirforbruk nemnt ovanfor. Det vil ikkje bli føreslått å auke total investeringsramme.

  Vert føreslått følgjande budsjettendringar i investeringsbudsjettet:

		Budsjettendring	
Prosjekt	nr. og namn	Auke	Redusere
73	Vestnes stadion-kunstgras	350 000	
240	Ivartun, legge om tak	3 000 000	
453	Kjøp tomt Misfjordskogen industrifelt	1 174 000	
210	Myra, ve og parkering	300 000	
197	Bustadar til vansklegstilte		4 824 000

Omlegging tak Ivartun

Vi vil spesielt kommentere omlegging av tak på Ivartun. Her var stipulert ein kostnad på 1,0 mill. kr.
Arbeidet har no vore ute på anbud. Anbudssum vart noko høgre enn budsjettert. Fram til arbeidet starta har ein rekna med at taktroa var inntakt. I anbudskonkuransen blei det spesifisert at taket skulle rivast ned til taktroa og opparbeidast på nytt derifrå.
Det viser seg at taktroa er helt råtten og må rivast inkl. all isolasjon og bjelkelag.

Taket må byggjast opp helt på nytt og det vert difor langt høgre kostnad enn tidlegare rekna med.
Nytt kostnadsoverslag 4,0 mill. kr.
Eit alternativ er å berre ta delar av taket no og resten neste år. Dette vil bli meir kostbart enn å ta alt no då entreprenør er på plass.

Vi rår til at alt arbeidet vert gjort ilag. Vi rår difor til at budsjettsummen vert auka med 3,0 mill. kr. Inndekning frå andre prosjekt som ikkje vert gjennomført. Det vil såleis ikkje føre til auka låneopptak.

Driftsrapport del 2

Utvikling i innbyggartal:

Innbyggjartal 01.01.17 var 6 577.

Endringane 1. halvår i år har vore som følgjer:

Folketal 01.01.17	6 577	Endring 1. kv 2017	2. kv 2017	Totalt 1. halvår
Fødde		14	9	23
Døde		14	9	23
Fødseloverrskott		0	0	0
Innvandring		9	9	18
Utvandring		16	3	19
Nto. Innvandring		-7	6	-1
Innflytting innenlandsk		46	53	99
Utflytting innenlandsk		44	39	83
Nto innenlandsk		2	14	16
Netto endring i innbyggjartal 2017		-5	20	15
Folketal 31.12.16		6 572	6 592	6 592

- Liten nedgang 1. kvartal
- Auke 2. kvartal
- Samla auke på 15 første halvår - **svært positivt.**

- Fødte og døde er likt – burde vore eit positivt fødselsoverskudd.
- Fødte i 1. halvår er 23, det er lite. Det var 34 i 2016 i same tidsrom.

- Det som er ein ny **positiv trend** er at årsak til auken i folketalet er innflytting innenlands. Vi har ikkje netto utflytting innanlands.
  Tidlegare år var det stor utenlands innflytting som var årsak til auke i innbyggjartal eller at innbyggjartalet ikkje vart redusert enno meir.

Innbyggjartal pr. 30.06. er grunnlag for utrekning av rammeoverføring neste år.

Oppfølging av politiske vedtak

Kommunestyret gjorde den 22.mai 2014, i sak 33/14, følgjande vedtak:
Rapportering som gjeld oppfølging av politiske vedtak blir heretter lagt til driftsrapportane til kommunestyret.

Politiske vedtak som ligg att etter tidlegare rapporteringar:

Utval Saksnr	Kva saka gjeld	Status	Vidare framdrift
KST 01.10.15 Sak 76/2015 Arealplan	Arealplan – Legge fram sak om naust	Planutvalet arbeider med saka.	Vert lagt fram i haust
KST 17.12.15 Sak 112/2015 Driftsbudsjett 2016 pkt 12	Evaluering av noverande legevaktsamarbeid	Adm.sjef har ikkje iverksett prosess.	Må avklare politiske forventningar til type evaluering.
KST 15.09.16 Sak 80/2016	Utarbeiding av lokal kulturminneplan	Gjort avtale om arbeidet	Igangsett
KST 27.10.16 Sak 102/2016	Organisasjonsgjennomgang	Under arbeid	Sluttføre i 2017 – saker til adm.utval , formannskap og kommunestyre
KST 15.12.16 Sak 141/2016	Driftsbudsjett pkt 11 «sak om styrking av økonomiseksjonen og evt. styrking av plankapasiteten»	Blir behandla i denne saka.	

Sak 141/2016 – driftsbudsjett pkt 11:
«Kommunestyret ber administrasjonen i løpet av 1.halvår 2017 kome med ei sak om styrking av økonomiseksjonen og evt. styrking av plankapasiteten, jf sak om ny organisering.»

Administrasjonssjefen ønskjer å vere svært restriktiv med å utvide stillingane på rådhuset. Det er mange krav og oppgåver som står føre det neste året. Dette gjer at trykket for nye stillingsheimlar er stort. Endringstakten og oppgåvene er større enn nokon annan haust dei siste 10 åra. Dersom oppgåver blir lista opp, står ein i fare for å utegløyme noko. Det som MÅ vektleggast er at ein del av oppgåvene er knytta til ei auka grad av digitalisering innan alle sektorar, og såleis også ei forventning om effektivisering og gevinstrealisering.

Dersom noko teneste skal styrkast, må ein finne inndekning. I haust har administrasjonssjefen bestemt at økonomisjefen skal vere kommunen sin kontaktperson i forprosjektet for bygging av nytt helse- og velferdsenter. Dette gjer at noko av lønsutgiftene kan belastast investeringsbudsjettet. Administrasjonssjefen meiner difor at økonomiseksjonen, og dermed oppfølging av budsjett og økonomistyring, må styrkast, og at stilling for økonomirådgjevar må lysast ut straks. Utanom dette ønskjer administrasjonssjefen som sagt å vere svært tilbakehalden med tiltak som får budsjettmessige konsekvensar.

Politiske vedtak i perioden april - juni som ikkje er gjennomførte:

Ingen saker der frist har forfalle.

Tilsyn

I denne saka blir ikkje saksområde der kommunen sjølv har tilsynsmynde omtala.
Dette gjeld tilsyn med barnehagane og tilsyn innan brannvern/feiing.
Administrasjonssjefen omtalar her eksterne tilsyn overfor kommunen der kommuneorganisasjonen er tilsynsobjekt.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn med at verksemda følgjer arbeidsmiljølova sine krav om å førebygge arbeidsrelatert sjukdom og skade.

Tilsynet er retta mot to tenester/einingar:

- Heimetenestene
- Barneverntenesta

Barneverntenesta:

Tilsyn gjennomført 18.mai 2017.
Etter tilsynet har Arbeidstilsynet gitt eitt pålegg:
«Pålegg - Vold og trussel om vold - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan.
Arbeidsgiver må forbedre virksomhetens kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjoner som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold og trussel om vold. På denne bakgrunn skal arbeidsgiver utarbeide planer og iverksette tiltak for å redusere risikoen. Arbeidsgiver skal gjøre dette i samarbeid med verneombud/ansattes representant.»
Frist 30.november 2017

«Pålegg – Vold og trussel om vold – informasjon»
Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstakerne og deres representanter har fått nødvendig informasjon om risikofaktorer knyttet til vold og trussel om vold, iverksatte tiltak og rutiner for åforebygge, håndtere og følge opp vold- og trusselsituasjoner og rutine for varsling og rapportering av vold og trussel om vold.

Arbeid med å gjennomføre pålegget:
Det er allereie gjennomført fleire samarbeidsmøte mellom leiinga, verneombodet, tilsette, samt bedriftshelsetenesta. Alle tilsette har vore i møte med Bedriftshelsetenesta for å arbeide med risikokartlegging. Einingsleiar har i etterkant av tilsynet søkt NAV arbeidslivssenter om midlar for å leggje til rette for å kunne utvikle ein førebyggjande arbeidsplass. Eining for barn, ungdom og familie har fått innvilga eksterne midlar og gir alle tilsette i eininga eit kompetanseløft/opplæring tilpassa dei ulike fagområda når det gjeld handtering av vold og truslar om vold. Opplæringa har både ei praktisk og teoretisk tilnærming. I tillegg vert det hausten 2017 etablert kontakt med lokalt politi for samarbeid og opplæring særskilt til barneverntenesta med omsyn til risiko og førebygging.

Heimetenestene:

Tilsyn gjennomført 17.august 2017. Førebels rapport frå Arbeidstilsynet er motteke.

Her blir det gitt akkurat same pålegg som for Barneverntenesta. Arbeidet med å gjennomføre pålegga vil starte snarast.

Fylkesmannen:

Bu- og habiliteringstenestene

Eit stort tilsyn over fleire år. Gjeld internkontrollsystem for begrensing av tvang og makt overfor utviklingshemma. Det har blitt gjennomført eit stort og systematisk arbeid å lukke avviket.

Då administrasjonssjefen i første driftsrapport 2017 til kommunestyret endå ikkje hadde fått svar frå Fylkesmannen, valde kontrollutvalet den 5.mai å sende skriv til Fylkesmannen. I skrivet vart det uttrykt misnøye med at kommunen har venta over 6 mnd på svar på brev av 27.oktober 2016. Straks etter dette vart kommuneleiinga og leiinga i Bu- og habiliteringstenestene invitert til møte med Fylkesmannen. Møtet fann stad den 6.juni.

Den 7.juli 2017 mottok Vestnes kommune melding om at tilsynet er avslutta. I brevet heiter det:
«Kommunen er i gang med systemarbeid kring sakshandsaming og kvalitetssikring.
Fylkesmannen legg til grunn at dette arbeidet vert prioritert og arbeidd vidare med snarast.
Vidare blir det lagt til grunn at prosedyrane vert implementert og kvalitetssikra ved systematisk oppfølging og evaluering.
På det grunnlag kan tilsynet frå 2011 lukkast.
Slik situasjonen i Vestnes framstår, så er styringssystemet på plass, men det er framleis ein jobb å gjere for leiinga slik at styringssystemet vert kjent og innarbeidd hos personalet.
Fylkesmannen vil difor vurdere ny systemrevisjon på området allereie i 2018.»

Revisjonen/kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar:

Samhandlingsreforma i Vestnes kommune
Kontrollutvalet i Vestnes bestilte i 2013 ein forvaltningsrevisjon av innføring av Samhandlingsreforma i Vestnes kommune. Undersøkinga vart gjennomført i 2014/2015 og omfatta førebyggjande og helsefremjande tiltak, fagleg kvalitet og spesialkompetanse, heilskapstenking og koordinering av helsetenester. Vidare skulle den omfatte samhandling mellom kommunen og det regionale helseføretaket, medrekna overføring av kompetanse, rettleiing og faglege nettverk, samt belyse reforma si økonomiske konsekvens for kommunen.
Revisjonsrapporten vart lagt fram for kommunestyret som eiga sak 67/2015 i august 2015.
I kommunestyrevedtaket heiter det:
1. Vestnes kommunestyre tek forvaltningsrevisjonsrapporten « Samhandlingsreformen i Vestnes kommune» til etterretning og sluttar seg til dei tilrådingane som kjem fram i rapporten sitt kapittel 1 under Oppsummering, samlede vurderinger og anbefalinger.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å sørgje for at revisjonen sine tilrådingar i kapittel 1 blir følgt og sjå til at dette arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å sørgje for at revisjonen sine tilrådingar i kapittel 1 blir følgt og sjå til at dette arbeidet vert gjennomført.

Det var eit omfattande arbeid å svare ut dei punkta som måtte belysast nærmare, og først i april 2017 gjorde administrasjonssjefen greie for kva oppfølging som er gjort.

Saka vart lagt fram for kontrollutvalet den 2.mai. Forvaltningsrevisor oppsummerte at mykje arbeid er gjort, og orienterte kort om dei to områda revisjonen rår til at kontrollutvalet held seg orientert om vidare.
Revisor anbefaler særleg at kontrollutvalet held seg orientert om utviklinga av tverrfaglege fora som folkehelseutval og planforum, samt held seg orientert om utviklinga når det gjeld samarbeidsavtalen sitt punkt om involvering av pasient- og brukarorganisasjonar for å sikre brukarmedverknad.
Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:
Kontrollutvalet tar administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet ***«Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»****, medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 10.4.2017, til orientering.*
Kontrollutvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med oppfølging av tilrådingane.

Forvaltningsrevisjon: «Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune»
Kontrollutvalet gjorde den 2.mai i sak 14/17 slikt vedtak:
«Kontrollutvalet godkjenner framlagt prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt "Helsestasjon- og skulehelsetenester i Vestnes kommune" med dei merknader og tillegg som måtte framkome i møtet. Prosjektplanen dannar grunnlag for gjennomføring av prosjektet.»
Arbeidet med dette prosjektet er i gang.

Rapportering av sjukefråver:

Sjukefråveret har gått ned denne perioden.

	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
2017	11,4	11,4	10,4	8,2	8,9	7,9
2016	10,9	12,7	12,1	12,4	10,2	8,2

Det er sett i verk ulike prosjekt i kommunen frå hausten 2016. Vi er framleis usikre på om det er tilfeldige utslag, eller om vi er inne i ei varig positiv utvikling. Det blir arbeidd med å systematisere resultata.

Det er svært gledeleg at sjukefråveret er redusert frå februar 2017 og til no. Vi har pr august ikkje nokon fullverdig rapport som viser kva einingar som har redusert fråver. Dette vil det bli arbeidd med å følgje opp frametter hausten.

Kommunalsjef Greta Bjerke orienterte i saka.

Avrøysting:

Innstillinga til Formannskapet vart samrøysta vedteken.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.09.2017

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1.
Statusrapport – Helsetilstand i Vestnes 2016 - vert teken til vitande
2.
Tilsvarande rapport vert å legge fram som ei årleg rullerande oversikt
3.
Våren 2020, etter konstituering av nytt kommunestyre, vert ei større oversikt lagt fram. Denne skal vere med å danne grunnlaget for kommuneplanens samfunnsdel

Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøysta vedteken.

PS 73/2017 Driftsrapport pr. juli 2017

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 31. juli til orientering.
2. Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande budsjettendringar:

	Utgifter		Inntekter	
Sektor	Auke budsjett	Redusere budsjett	Auke budsjett	Redusere budsjett
Ressurskrevjande brukarar				2 000 000
Skatt- og inntektsutjamning				1 400 000
Vertskommunetilskott			1 200 000	
Oppdretskonsesjon				3 000 000
Utbytte VEAS			1 100 000	
Integreringstilskott			1 000 000	
Renter og avdrag		1 400 000		
Redusert pensjonsutgifter		1 700 000		
Kapitalinnskudd KLP	2 503 000			
- Bruk av fond			2 503 000	
	2 503 000	3 100 000	5 803 000	6 400 000

3. Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande overføringar mellom prosjekt i investeringsbudsjettet:

	Budsjettendring

Prosjekt nr. og namn		Auke	Redusere
73	Vestnes stadion-kunstgras	350 000	
240	Ivartun, legge om tak	3 000 000	
453	Kjøp tomt Misfjordskogen industrifelt	1 174 000	
210	Myra, veg og parkering	300 000	
197	Bustadar til vansklegstilte		4 824 000

4. Vestnes kommunestyre godkjenner oppretting av ei 100% rådgjevarstilling innan økonomiseksjonen frå snarast.

5. Vestnes kommunestyre tek oppfølgjing av politiske vedtak til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.09.2017

Vedtak:

1.
Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 31. juli til orientering.

2.
Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande budsjettendringar:

	Utgifter		Inntekter	
Sektor	Auke budsjett	Redusere budsjett	Auke budsjett	Redusere budsjett
Ressurskrevjande brukarar				2 000 000
Skatt- og inntektsutjamning				1 400 000
Vertskommunetilskott			1 200 000	
Oppdrettskonsesjon				3 000 000
Utbytte VEAS			1 100 000	
Integreringstilskott			1 000 000	
Renter og avdrag		1 400 000		
Redusert pensjonsutgifter		1 700 000		
Kapitalinnskudd KLP	2 503 000			
- Bruk av fond			2 503 000	
	2 503 000	3 100 000	5 803 000	6 400 000

3.
Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande overføringar mellom prosjekt i investeringsbudsjettet:

		Budsjettendring	
Prosjekt nr. og namn		Auke	Redusere
73	Vestnes stadion-kunstgras	350 000	
240	Ivartun, legge om tak	3 000 000	
453	Kjøp tomt Misfjordskogen industrifelt	1 174 000	
210	Myra, veg og parkering	300 000	
197	Bustadar til vanskelegstilte		4 824 000

4.
Vestnes kommunestyre godkjenner oppretting av ei 100 % rådgjevarstilling innan økonomiseksjonen frå snarast.

5.
Vestnes kommunestyre tek oppfølgjing av politiske vedtak til vitande.

Avrøysting:

Innstillinga til Formannskapet vart samrøysta vedteken.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.09.2017

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1.
Vestnes kommunestyre tek driftsrapport pr. 31. juli til orientering.

2.
Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande budsjettendringar:

	Utgifter		Inntekter	
Sektor	Auke budsjett	Redusere budsjett	Auke budsjett	Redusere budsjett
Ressurskrevjande brukarar				2 000 000
Skatt- og inntektsutjamning				1 400 000
Vertskommunetilskott			1 200 000	
Oppdretskonsesjon				3 000 000
Utbytte VEAS			1 100 000	
Integreringstilskott			1 000 000	
Renter og avdrag		1 400 000		
Redusert pensjonsutgifter		1 700 000		
Kapitalinnskudd KLP	2 503 000			
- Bruk av fond			2 503 000	
	2 503 000	3 100 000	5 803 000	7 400 000

3.
Vestnes kommunestyre godkjenner følgjande overføringar mellom prosjekt i investeringsbudsjettet:

		Budsjettendring	
Prosjekt nr.	og namn	Auke	Redusere
73	Vestnes stadion-kunstgras	350 000	
240	Ivartun, legge om tak	3 000 000	
453	Kjøp tomt Misfjordskogen industrifelt	1 174 000	
210	Myra, veg og parkering	300 000	
197	Bustadar til vansklegstilte		5 824 000

4.
Vestnes kommunestyre godkjenner oppretting av ei 100% rådgjevarstilling innan økonomiseksjonen frå snarast.

5.
Vestnes kommunestyre tek oppfølgjing av politiske vedtak til vitande.

Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøysta vedteken.

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe:	2017-1535/04
Arkiv:	150
Saksbehandlar:	Jane Anita Aspen
Dato:	22.9.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 25/17	Kontrollutvalet	2.10.2017
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018 med ei ramme på kr 844 000.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Bakgrunn for saka

Med heimel i § 18 i Forskrift for kontrollutval, skal utvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret, men formannskapet kan, i sitt samla budsjett, føreslå eit anna beløp enn det kontrollutvalet tilrår.

Budsjettforslaget skal synleggjere kontrollutvalet sine eigne kostnader og kostnader knytt til revisjon og sekretariatstenester.

Vestnes kommune kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hos *Kontrollutvalgs-sekretariatet for Romsdal*. Dette er i samsvar med avtalen om interkommunalt samarbeid.

Vestnes kommune har fram til no hatt revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 i Møre og Romsdal (KR2). Vestnes kommune har gjort vedtak om å gå inn som eigar i *Møre og Romsdal Revisjon IKS* (MRR IKS). Det nye selskapet vart etablert frå 1.2.2017.

Når det gjeld kontrollutvalet si eiga verksemd så kan ein ikkje for alle beløpa ta utgangspunkt i rekneskapsutskrift pr. sept. 2017, då nokre kostnader er kontert på andre ansvar eller artar.

I budsjettframlegget er det lagt opp til at kontrollutvalet avviklar inntil 5 møter i året.

Vedlagt følgjer:

- Kostnadsfordeling sekretariatstenester for 2018
- Spesifikasjon av driftstilskudd for 2018 pr. kommune/fylkeskommunen til Møre og Romsdal Revisjon IKS
- Økonomirapport pr. 22.09.17

VURDERING

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretærbistand og revisjon kjem fram.

Kontrollutvalet må ha høve og midlar til å skaffe seg kunnskap og delta i erfaringsutveksling og samlingar saman med andre kontrollutval. I kommunal- og regionaldepartementets 85 anbefalingar for styrkt eigenkontroll i kommunane er det peika på opplæring av kontrollutval som eit viktig område.

Budsjettforslaget kan spesifiserast som følgjer:

Konto	Tekst	**Budsjett 2018**	**Budsjett 2017**	**Pr. 22.09.17**
1082	Godtgjersle folkevalte	25 000	24 000	0
1083	Tapt arbeidsforteneste	0	12 000	0
1099	Arbeidsgjevaravgift	2 750	4 000	1
1102	Tidsskrift/abonnement	12 000	14 500	6 300
1150	Opplæring og kursutgifter	32 000	22 000	31 295
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	4 000	3 000	1 787
1171	Utgiftsdekning reise	12 000	10 000	5 621
1197	Kontingentar	6 000	4 300	0
	Sum kontrollutvalet si eiga verksemd	**93 750**	**93 800**	
1390	Kjøp fra IKS der kommunen er deltakar	550 000	586 100	*415 839
1350	Kjøp tenester frå interkommunale tiltak	200 250	213 750	213 750
	Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon	**844 000**	**893 650**	

*Inneheld både kostnader til Kommunerevisjonsdistrikt 2 og Møre og Romsdal Revisjon IKS

Rekneskapsrapporten pr. 22.9.2017 viser at nokre kostnader er ført på eit anna ansvar, 1001Politisk verksemd, og nokre kostnader er ført på ein anna art enn det er budsjettert med. Rapporten gir difor noko mangelfull informasjon om utgiftene så lang i år. Når det gjeld budsjett for kontrollutvalet si eiga verksemd i 2018, så har ein difor tatt utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon om satsar/kontingentar, samt korrigert informasjon frå administrasjonen.

Kommentarar til nokre av budsjettpostane:
1080 Godtgjerdsle folkevalgte – Her er det tatt utgangspunkt i satsane for godtgjerdsel pr. 1.5.2017. Medlem av kontrollutvalet får godtgjersle pr. møte lik 0,8 o/oo av ordføraren si årsgodtgjersle. Leiar får 1,6 o/oo. Godtgjerdsla for folkevalgte blir i Vestnes kommune justert kvart år pr. 1.5. Rekneskapsrapporten viser ikkje at det er kostnadsført godtgjerdsle folkevalgte, då kostnadane er ført på ansvar 1001 Politisk verksemd.
1080 Tapt arbeidsfortjeneste – I følgje rekneskapsrapport er det ikkje ført noko på tapt arbeidsforteneste. Sekretariatet har også sjekka med lønsansvarleg at noko ikkje er ført på eit anna ansvar. Har difor ikkje budsjettert med noko beløp for 2018.
1102 Tidskrift/abonnement – Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges Kommunerevisorforbund. Dette har mange fagartiklar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet. Bladet kostar 400,- pr medlem. I tillegg er det budsjettert abonnement på avisa Kommunal Rapport for medlemmene. Det vart i møte 26.5.2016 sak 20/16, konkludert med at dette for framtida skulle leggast inn i kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontroll

og tilsyn. Sekretariatet ha fått opplyst at det er rekneskapsført 9 876,- i 2017 til Kommunal rapport, men dette er ført på ansvar 1001 Politisk verksemd.
Kontingenten til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) er feilført på denne arten.
1197 Kontingentar – Vestnes kommune har medlemskap i FKT. Størrelsen på kontingenten er bestemt ut frå kommunen sitt innbyggjartal. Vestnes kommune sin sats er på 6 000,-. Kontingenten aukar frå 4 300,- i 2017 grunna auka medlemsretta aktivitetar og etablering av eige sekretariat for FKT.
1390 – Kjøp av tjenester frå IKS der kommunen er deltakar – Representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS skal behandle budsjettet for 2018 i møte 3. oktober. Budsjettet er godkjent av styret i MRR IKS. Frå fjerde kvartal 2018 skal revisjonen fakturere etter medgått tid. Det er difor stipulert et beløp for fjerde kvartal 2018, som er det same som for dei tre første kvartala. Samla er budsjett for 2018 det same som budsjett for 2017, då for 11. mnd. Då budsjettet til MRR IKS ikkje var vedtatt når Budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2017 vart lagt fram hausten 2016, stemmer ikkje talet i kolonna for 2017 med det som vart vedtatt budsjett.
Ein faktura frå kommunerevisjonsdistrikt 2 er ført på 1330 Kjøp av tenester frå interkommunale tenester.
1350 – Kjøp av tenester frå interkommunale tiltak - Styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal handsama i møte 4.9.2017 budsjettramma for sekretariatet for 2018. Beløpet for kjøp av sekretariatstenester for 2018 er etter Vestnes kommune sin del av sekretariatet sitt budsjett. Vestnes kommune sin del er på 9 prosent av budsjettet. Kommunane sin del av budsjett for 2018 er noko lågare enn for 2017, då det er budsjettert med bruk av disposisjonsfond.
I rekneskapsrapporten ligg kostnadane til sekretariat ført på art 1350 og 1352. Sekretariatet fakturerer i 2 terminar, desse er fakturert kommunen.

Kontrollutvalgssekretariatet ser det som viktig at kostnader til kontroll og tilsyn vert synleggjort i kommunen sitt rekneskap. Det vert også i år oppmoda om at det for framtida vert sikra at det er samsvar mellom rekneskapsføring og budsjettering. Det vil seie at kostnadene vert rekneskapsført på dei ansvar og artar kostnadane er budsjettert.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som her er gjort og rår til at utvalet tilrår kommunestyret om å vedta kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei netto ramme på kr 844 000.- som inkl. kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet. Saka vert lagt fram med ovannemnte forslag til vedtak.

Jane Anita Aspen
daglig leder

KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL

KOSTNADSFORDELING 2018 OG 2017

Kommune	Folketall 01.01.17	Fordeling %	Budsjett 2018	Folketall 01.01.16	Fordeling %	Budsjett 2017
Aukra	3 547	5,0	111 250	3 518	5,0	118 750
Eide	3 454	5,0	111 250	3 467	5,0	118 750
Fræna	9 741	14,0	311 500	9 717	14,0	332 500
Gjemnes	2 611	4,0	89 000	2 593	4,0	95 000
Molde	26 822	38,0	845 500	26 732	38,0	902 500
Nesset	2 963	4,0	89 000	2 970	4,0	95 000
Rauma	7 503	11,0	244 750	7 492	11,0	261 250
Sunndal	7 126	10,0	222 500	7 160	10,0	237 500
Vestnes	6 577	9,0	200 250	6 611	9,0	213 750
Sum	**70 344**	**100,0**	**2 225 000**	**70 260**	**100,0**	**2 375 000**
Sum inntekter			**2 225 000**			**2 375 000**

Spesifikasjon av driftstilskudd for 2018 pr kommune/fylkeskommunen

Driftstilskudd pr kommune*	1.-3. kvartal 2018	Estimat 4. kvartal 2018	Sum 2018	*2017*
Møre og Romsdal Fylkeskommune	3 375	1 125	4 500	*4 500*
Molde	1 392	464	1 856	*1 856*
Vestnes	413	138	550	*550*
Rauma	455	152	607	*607*
Nesset	227	76	303	*303*
Aukra	248	83	330	*330*
Fræna	571	190	761	*761*
Eide	252	84	336	*336*
Gjemnes	206	69	274	*274*
Sunndal	441	147	588	*588*
Kristiansund	1 910	637	2 547	*2 547*
Averøy	520	173	693	*693*
Tingvoll	369	123	492	*492*
Surnadal	611	204	814	*814*
Rindal	297	99	396	*396*
Halsa	251	84	335	*335*
Smøla	323	108	430	*430*
Aure	419	140	559	*559*
SUM	**12 278**	**4 093**	**16 371**	***16 371***

*: for 3 kvartaler. 4. kvartal blir fakturert i henhold til medgått tid. Estimat: tilsv. tidligere fast fakturering.

	Regnskap 2017	Buds(end) 2017	Avvik(per.) 0
Ansvar: 1009 Kontrollutval og Revisjon			
1082 Møtegodtgjersle	0,00	20.000	20
1083 Tapt arbeidsforteneste	0,00	12.000	12
1099 Arbeidsgjevaravgift	9,54	3.000	3
1102 Tidsskrift/abonnement	6.300,00	2.000	-4
1150 Kurs og opplæring, eksternt	31.295,00	20.000	-11
1160 Bilgodtgjersle	615,00	3.000	2
1161 Diettgodtgjersle	1.172,00	0	-1
1171 Reiseutgifter tilsette (ikkje godtgjersler)	5.621,00	10.000	4
1197 Andre kontingentar og lisensavgifter	0,00	4.000	4
1350 Kjøp av tenester frå interkommunale tiltak	155.714,00	540.000	384
1352 Kjøp av andre tenester frå kommunar	106.875,00	214.000	107
1390 Kjøp frå IKS der kommunen er deltakar	367.000,00	0	-367
1690 Fordelte utgifter FDV	-6.714,00	-9.000	-2
Sum ansvar: 1009 Kontrollutval og Revisjon	**667.887,54**	**819.000**	**151**
T O T A L T	**667.887,54**	**819.000**	**151**

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe:	2017-1535/04
Arkiv:	146
Saksbehandlar:	Jane Anita Aspen
Dato:	22.9.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 26/17	Kontrollutvalet	2.10.2017

PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, med dei endringar som kom fram i møte.

Bakgrunn for saka

I tillegg til kommunelova og forskrift om kontrollutval, har utvala fleire dokument som dannar rammeverk for kontrollutvalet si verksemd;

- Reglement for kontrollutvalet, som vert revidert av avtroppande kontrollutval
- Engasjementsavtale mellom kontrollutvalet og Kommunerevisjonsdistrikt 2, som skal erstattast av ein ny avtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS
- Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, som vert vedtatt innan eit år etter start av valperiode
- Plan for selskapskontroll 2016-2019, som vert vedtatt innan eit år etter start av valperiode
- Årsmelding, blir sendt til kommunestyre
- Verksemdsrapport, som vert lagt frem av avtroppande kontrollutval

Sekretariatet vurderer at det kan være behov for å lage en plan for kontrollutvalet si verksemd, og som kan konkretiserast i ein årleg tiltaksplan.

Vedlegg:

- Utkast til Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019

VURDERING

I dag utarbeider kontrollutvalet ein verksemdsrapport ved avslutning av valperioden, som vert lagt fram for kommunestyret. Det vert altså rapportert, men det manglar ein plan å rapportere frå. Sekretariatet ser det som tenleg at det for kvar valperiode vert laga ein Plan for kontrollutvalet si verksemd. Det er naturleg at denne vert laga av det nye kontrollutvalet, i løpet av første år etter nytt val. For framtida bør planen bli sendt til kommunestyret for godkjenning, slik det vert gjort med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Sidan vi no er langt ut i valperioden, vert det rådd til at denne planen vert godkjent av kontrollutvalet, utan å sendes vidare til kommunestyret.

Sidan planen vil vere gjeldande for ein valperiode, så kan den ikkje vere konkret på tiltak og aktivitetar, då desse vil ha ein kortare planleggingshorisont. Ein veit ikkje kva forvaltningsrevisjonsprosjekt eller kontrolltiltak som skal gjennomførast 2-3 år fram i tid. Det

vil difor vere behov for å ha ein årleg tiltaksplan, som gjerne kan justerast i løpet av året. Her vil det komme frem kva kontrollutvalet vil fokusere på dette året f.eks.; bestilte forvaltningsrevisjonar, oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt, orienteringar frå administrasjonen, verksemdsbesøk osv.
Til ein viss grad fungerer i dag Møteplan, som vert vedteken i første kontrollutvalsmøte kvart år som ein kortversjon av en tiltaksplan. Men sekretariatet vurderer at det er behov for å vidareutvikle denne noko.

Sekretariatet legger her frem eitt utkast til Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Det vert rådd til at denne planen blir gjeldande for resten av valperioden. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtar Tiltaksplan for 2018 i siste kontrollutvalsmøte i 2017.

Jane Anita Aspen
daglig leder

PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019

Vestnes kommune

Vedtatt av Vestnes kontrollutval xx.x.2017, sak xx/17

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

1. INNLEDNING

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 er Vestnes kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, utføre det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.
Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivaretatt gjennom strenge krav til kven som kan veljast til utvalet.

Kommunestyret har vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune. Første paragraf i reglementet seier:

§ 1. Kontrollutvalets formål
Kontrollutvalet er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørgje for at innbyggarane og andre interessentar har tillit til Vestnes kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlige føringar og kommunestyrets intensjonar og vedtak.

Kontrollutvalet sitt reglement ligg på www.kontrollutvalgromsdal.no, sist revidert i kommunestyret **27.08.2015 i k-sak 66/15.**

Kontrollutvalet sine oppgåver er knytte både til tilsyn med den kommunale forvaltninga og til tilsyn med revisjonen sitt arbeid.
Forskrift om kontrollutval regulerer kontrollutvalet sin oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon (kap. 4), forvaltningsrevisjon (kap. 5) og selskapskontroll (kap. 6). I tillegg er kontrollutvalet gitt oppgåver i samband med val av revisor (§ 16), tilsetjing, suspensjon og avskjed av revisor (§ 17) og budsjett for heile kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen (§ 18). Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit eige kompetent sekretariat (§ 20).

Kontrollutvalet vil i tillegg til Plan for verksemda ha ein eigen Tiltaksplan for kvart år, med meir spesifisering av planlagde tiltak og oppgåver. Denne blir oppdatert fortløpande og vil vere tilgjengelig på www.kontrollutvalgromsdal.no

2. UTVALET SI SAMANSETJING

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Stig Holmstrøm*	Ap		1	Lars Christian Fjørtoft	V
Nestleiar	Gro Ødegård	H		2	Ingrid Skjegstad	Sp
Medlem	Birgit Torkildson Grotle	Ap		3	Olav Egil Tomren	Krf
Medlem	Frank Ove Belsvik	Frp		4	Frank Schneider Villa	Sv
Medlem	Dagfinn Wiik*	Pp				

*medlem av kommunestyret.

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

3. MØTEPLAN

- Møteplan vert lagt i første kontrollutvalsmøte i kvart kalenderår
- Kontrollutvalet sine møter skal holdast for opne dører på lik linje som andre kommunale utval.
- Kontrollutvalet sine møter vert haldt på dagtid.
- Kontrollutvalet i Vestnes skal halde minst 5 møter kvart kalenderår.
- Ved behov kan kontrollutvalet gjere endringar i møteplanen. Ein oppdatert møteplan ligg til ei kvar tid tilgjengeleg på www.kontrollutvalgromsdal.no

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1. TILSYN MED FORVALTNINGA

Det generelle tilsynet med forvaltninga vert gjennomført med følgjande tiltak:

- Orientering frå rådmannen knytt til saker på kontrollutvalet si oppfølgingsliste.
- Kontrollutvalet får framlagt kvartalsvise økonomirapportar for Vestnes kommune
- Oppfølging av politiske vedtak vert synleggjort i kartalsrapportane.
- Kopiar av rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging.
- Innkallingar/protokollar frå kommunestyret og øvrige politisk utval ligger tilgjengelig på kommunen si heimeside
- Kontrollutvalet har fordelt merksemd på dei ulike områda slik:
  Saker frå formannskapet -
  Saker frå planutvalet-
  Saker knytt til andre utval –
  Dei heileigde selskapa -
- Kontrollutvalet kan be om informasjon om ulike områder/temaer eller frå ulike einingar. Den overordna analysen som er utarbeidd som grunnlag for forvaltningsrevisjon skal vere eit godt hjelpemiddel for kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga, ved å etterspørje informasjon frå einingar og områder som ikkje blir prioritert i forhold til forvaltningsrevisjon.
- Verksemdsbesøk/alternativt orientering frå en einingsleiar

4.2. OPPGÅVER KNYTT TIL REKNESKAPSREVISJON

- Ved handsaming av kommunen sine rekneskap, vil kontrollutvalet gje ein uttale, som vert stila til kommunestyret. Formannskapet får kopi av uttalen, slik at den følgjer innstillinga til kommunestyret.
- Alle nummererte brev eller andre typar revisjonsmerknader, som revisjonen ønskjer at kontrollutvalet skal følgje opp, vert handsama fortløpande. Nummererte brev som ikkje blir godt nok følgt opp, vert sendt kommunestyret til vidare handsaming.
- Revisjonen sitt årsavslutningsbrev vert følgt opp av revisjonen, med orientering til kontrollutvalet.

4.3. OPPGÅVER KNYTT TIL FORVALTNINGSREVISJON

Overordna analyse -Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 24/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 27.10.2016 i K sak 96/2016, med følgjande tema:

- Plan- og styringssystemet herunder
  - helhetlig planlegging og oppfølging
  - kvalitetssystem, internkontroll, avvikshåndtering
- Kompetanse og rekruttering
- Barn og unge herunder
  - barnevern
  - barnehage og skole
  - helsestasjon og skolehelsetjeneste
- Integrering av flyktninger

Følgende tema kan også være aktuell for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

- Psykisk helse og rus
- Hjemmetjenester
- Forebyggende arbeid
- Offentlige anskaffelser
- Informasjonssikkerhet
- Vedlikehold av kommunale bygg

Det er kommunestyret som vedtar planen.

Alle forvaltningsrevisjonsrapporter blir følgt opp av kontrollutvalet i ettertid. Det vil seie informasjon om korleis rapporten sine tilrådingar blir følgt opp av administrasjonen.

4.4. OPPGÅVER KNYTT TIL SELSKAPSKONTROLL

Overordna analyse - Plan for selskapskontroll 2016 – 2019 vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 25/16 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 27.10.2016 i K sak 95/2016., med følgjande tema:

Aktuelle tema for eierskapskontroll i perioden 2016 til 2019 er:

- Har kommunen etablert tydelige føringer for eierskap (selskap)?
- Har kommunen etablert hensiktsmessige regler og rutiner for eierskapsoppfølgingen?
- Forvaltes kommunens eierskap i tråd med de etablerte regler og rutiner?
- Utøver eierorganet sin myndighet i tråd med lover og regler?
- Driver selskapet i tråd med kommunestyrets vedtak og intensjoner?
- I tillegg vil det være aktuelt å vurdere statusen i forhold til KS Eierforum sine anbefalinger.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon som del av eierskapskontroll i 2016 til 2019 er:

- Etterlevelse av saksbehandlingsregler i forvaltningsloven
- Etterlevelse av regelverket for offentlige anskaffelser

Det er særlig aktuelt å gjennomføre selskapskontroll i selskap som forvalter mye av fellesskapets midler. Selskapskontroll kan også vurderes i selskap som er viktig i forhold til tjenesteleveranse. Selskapskontroll bør først vurderes i selskaper som er heleid av kommunen eller der kommunen er majoritetseier. Selskapskontroll i andre selskaper bør avklares med de andre eierkommunene/ eierne. Vestnes Energi AS er et investeringsselskap som eier Nordvest Nett AS (100 %) og Vestnes Bioenergi AS (100 %). Basert på eierandel og selskapsverdi er det særlig aktuelt å gjennomføre selskapskontroll i:

- **Nordvest Nett AS**

Ørskogfjell Skisenter AS er heleid av Vestnes kommune. Det kan også være aktuelt å gjennomføre selskapskontroller i selskapet.

Det er kommunestyret som vedtar planen.

4.5. OPPGÅVER KNYTT TIL BUDSJETTBEHANDLINGEN

- Kontrollutvalet handamar forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Vestnes kommune i første møte kvar haust. I forslaget ligg ramme for kontrollutvalet si verksemd, revisjonen si verksemd og sekretariatet si verksemd.
- Kontrollutvalet sitt forslag skal følgje budsjettsaka frå formannskapet til kommunestyret, og det er berre kommunestyret som kan korrigere kontrollutvalet sitt forslag til budsjett.
- Budsjettet skal vedtakast av kommunestyret

4.6. OPPGÅVER KNYTT TIL TILSYN MED REVISJONSORDNINGEN

- Revisjonen rapporterer om si verksemd gjennom revisjonen sin «åpenhetsrapport», gjennom oppdragsavtale og engasjementsbrev og elles ved behov.
- Oppdragsansvarleg revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon skal legge fram sin vurdering av uavhengighet
- I første møtet kvar haust orienterer revisjonen om revisjonsstrategien for revisjonsåret. Revisjonen sin plan for Vestnes kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for utvalet
- Kontrollutvalet skal motta eit oppsummeringsnotat frå interimrevisjonen og årsoppgjersrevisjon.
- Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. Norges kommunerevisjons (NKRFs) rettleiar vert gjennomført i siste møtet kvart år.
- Øvrige tiltak går fram av kontrollutvalet sin tiltaksplan.

4.7. OPPGÅVER KNYTT TIL RAPPORTERING

- Kontrollutvalet sin årsrapport vert handsama i det første møte kvart år, og vert oversendt kommunestyret til orientering. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i årsrapporten.
- Rapportar etter gjennomført forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, eventuelt andre bestillingar og eventuelle oppfølgingar av nummererte brev vert sendt fortløpande til kommunestyret.
- Kontrollutvalet sin verksemdsplan for kvar valperiode vert handsama innan eit år etter kvart kommuneval og vert sendt kommunestyret til orientering.

5. OPPLÆRINGS- OG ERFARINGSUTVEKSLING

Kontrollutvalet sine oppgåver er mange og store og ein ser behov for ein jamleg oppdatering av kunnskapar. Dette er vist gjennom kontrollutvalet sitt forslag til budsjett som inneheld ein post til opplæring/kursverksemd.

KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

- Kontrollutvalet ønskjer å vere representert med medlemmer på Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse som vert arrangert i februar kvat år. NKRF sin kontrollutvalskonferanse er ein stor konferanse med deltakarar frå heile landet.
- Vestnes kommune er medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). FKT sitt formål er å vere ein møte- og kompetanseplass for menneskjer som arbeider med kontroll og tilsyn i kommunane, Sametinget og fylkeskommunane. I juni kvart år vert det avvikla årsmøte og fagkonferanse. Kontrollutvalet ønskjer å vere representert med medlemmer på denne møteplassen.
- Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal inviterer kvart år til ein opplæringsdag for kontrollutvalsmedlemmar og varamedlemmar i kommunane knytt til sekretariatet.
- Kontrollutvalsleiarane er styremedlemmer i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. I styremøta vert det også gjeve høve for erfaringsutveksling.

Kontrollutvalet og sekretariatet vil fortsette arbeidet med å informere om kontroll og tilsyn, bl.a. gjennom sekretariatet si heimeside www.kontrollutvalgromsdal.no og ved å oppfordre kommunen til å orientere om kontrollutvalet si verksemd på kommunen si heimeside.

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe:	2017-1535/04
Arkiv:	033
Saksbehandlar:	Jane Anita Aspen
Dato:	25.9.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 27/17	Kontrollutvalet	2.10.2017

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 12.6.2017.

Det vert lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande sak på oppfølgingslista:

- Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møte eller i eit seinare møte, kan disse bli fremma i møte for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE

SAKSOPPFØLGING

(à jour pr. 12.6.2017)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
13.03.13 Internkontroll i Vestnes kommune Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet ønskjer orientering om administrasjonssjefen sin internkontroll (herunder organisering, delegasjon, fullmakter, tilvisningsmynde etc.) i kommunen. I tilsynsrapporten frå Helsetilsynet v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart lagt fram i møtet 13.03.2013 kom det fram at leiinga i kommunen i liten grad har arbeidd med internkontrollen for dei tenesteområda som omfattast av tilsynet. Det vart òg peika på, og vist til tidlegare tilsyn, at kommunen ikkje hadde tilfredstillande system for behandling av avvik. Kontrollutvalet ønskjer orientering om Vestnes kommune har starta arbeidet med å etablere eit heilskapleg system for internkontroll og avviksrapportering.	**13.03.13:** Sekretæren vert beden om å kontakte administrasjonssjefen og be om ei orientering til neste møte i kontrollutvalet. **29.05.13:** Kontrollutvalet vil få ei orientering i møtet i september 2013. **19.09.13:** Kontrollutvalet vil få ei orientering i neste møte. **10.12.13:** Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte, jf. orienteringssak OS 12/13. Kontrollutvalet ønskjer å få ein ny rapport om bruken av internkontrollsystemet Risk Manager om eit år. **03.12.14:** Kommunalsjef Rune Håseth informerte om at ein ikkje var kome så mykje lengre, enn når ein orienterte for eitt år sidan. Frank Skorgenes har nyleg blitt systemansvarleg for internkontroll systemet og HMS. Ein startar no med innføring av Risk Manager. Ein føresetnad for å ta i bruk dette er at alle tilsette har same type e-postadresse, det vert no samkjørt. Det er ikkje avklart kva dokument som skal ligge i dette systemet eller kva som skal definerast som eit avvik. Alle driftsleiarane må få ny opplæring. Kontrollutvalet ønskjer stausrapport om eit halvår. **28.04.15:** Kontrollutvalet utset å be om statusrapport til møte i oktober, grunna mange orienteringar i junimøtet. **17.09.15:** Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 20/15. Kontrollutvalet konkluderer med at dei ønskjer ei ny orientering om 1 år, for å sjå korleis systemet er tatt i bruk i organisasjonen. **16.11.16:** Orienteringa som var etterspurt til dagens møte vert utsatt til etter nyttår, og vert etter tilråding frå adm.sjefen, halde samstundes med orienteringa om «Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklings-hemma» **14.02.17**: Ass.adm.sjef Rune Håseth orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 06/17. Utvalet ønskjer ein ny statusrapport i KU-møte 22.11.17.
24.02.15 Forvaltningsrevisjonsprosjekt	Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille	**24.06.15:** Rapporten vart lagt fram i dagens møte sak PS 18/15.

«Samhandlingsreformen i Vestnes kommune Ansvar: Rev./sekr.	forvaltningsrevisjonsprosjekt-et «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14.	**14.02.17**: Adm.sjefen har informert revisjonen om at dei treng meir tid for å svare ut alle anbefalingane. KU vil få sak om oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i neste møte. **02.05.17**: Kontrollutvalet handsama oppfølging av forv.rev.rapporten i dagens møte, jf. sak 13/17. Utvalet ønskjer å følgje attståande arbeid med tilrådingane.
24.06.15 Oppfølging av A-feil etter tilstandsvurdering av alle leikeplassar Ansvar: Adm./sekr	Kontrollutvalet forventar at kommunen har rutinar på straks å fjerne/utbetre leikeapparat med A-feil. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om oppfølging av tilstandsrapporten i neste møte, samt orientering om ansvaret til kommunen knytt til andre leikeapparat i kommunen t.d. i regi av velforeiningar.	**17.09.15:** Orientering gitt av administrasjonen i dagens møte , jf. Orienteringssak OS 19/15. Kontrollutvalet ønskjer ny orientering om status om 1 år. **16.11.16:** Driftsleiar Mona Johansen orienterte i dagens møte jf. OS 17/16. Utvalet ønskjer å få tilsendt liste som er laga med oversikt over leikeapparata og type feil som var avdekka ved siste kontroll. **14.02.17:** KU fekk liste over feil etter siste tilstandsvurdering vedlagt sakspira til dagens møte jf. sak 07/17. **Kontrollutvalet vel å avslutte oppfølging av denne saka.**
26.05.16 Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma Ansvar: Adm./sekr	Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventar å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administra-sjonen om dette området i kontrollutvalet sitt møte 16.11.16	**16.11.16**: Fylkesmannen har bede om meir dokumentasjon. Orienteringa vert etter tilråding frå adm.sjefen utsett til etter fylkesmannen har avslutta sitt tilsyn. **14.02.17**: Einingsleiar for Bu- og habiliteringstenestene, Anna Balstad, orienterte utvalet i dagens møte jf. OS 07/17. KU ønskjer å følgje saka til fylkesmannen har gjort vedtak om å lukke tilsynet. **02.05.17:** Utvalet ønskjer å skrive eit brev til fylkesmannen der det vert uttrykt missnøye med at kommunen har venta på svar frå FM sidan okt. 2016. Utvalsleiar og sekretær får fullmakt til utforme brevet. **12.06.17**:Det vart 09.05.17 sendt brev frå kontrollutvalet (KU) til fylkesmannen (FM) der det vart etterlyst svar til kommunen. FM kalla i brev 19.05.17 inn kommunen til møte. Adm.sjef. orienterte KU frå dette møte, jf. OS 23/17. KU vil følgje saka til kommunen har fått svar på lukking av avvik frå tilsyn i 2011.

VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1535/04
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 25.9.2017

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 28/17	Kontrollutvalet	2.10.2017

EVENTUELT

Oppsummering av opplæringsdagen 24.8.2017
Deltakar gir eit kort referat/oppsummering frå opplæringsdagen med tema forståing av kommunalt rekneskap v/ Åge Sandsengen.